



NOREGS BANK



2014 ÅRSMELDING OG REKNESKAP



2014

ÅRSMELDING OG REKNESKAP



NOREGS BANK

INNHALD

Hovudpunkt 2014	5	DEL II	
		ÅRSREGNSKAP 2014	27
<hr/>			
DEL I		Resultatregnskap	29
ÅRSMELDING FRÅ HOVUDSTYRET 2014	7	Balanse	30
		Kontantstrømoppstilling	32
Hovudstyret til Noregs Bank	9	Oppstilling over endringer i egenkapital	33
Oppgaver og organisering	11	Noter	34
Årsmelding frå hovudstyret for 2014	13	Revisors beretning	131
Strategi 2014–2016	13	Representantskapets vedtak om fastsettelse av årsregnskapet for 2014	133
Pengepolitikk, finansiell stabilitet og betalingsformidling	13	Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og tilsynet med banken	133
Kapitalforvaltning i Noregs Bank	15		
Internasjonale reserver	15	<hr/>	
Statens pensjonsfond utland	15	DEL III	
Verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll	16	VERKSEMMA TIL NOREGS BANK	135
Nærmare om balansesamansetjing og finansiell risiko	17		
Utgreiing om rekneskapen	18	Kapittel 1	
Disponering av totalresultatet	19	Pengepolitikk	137
Samfunnsansvar	20	Små endringer i utsiktene fram mot rentemøtet i mars	137
Ein open og veldriven sentralbank	20	Utviklinga om lag som venta fram mot rentemøtet i mai	138
Ansvarleg forvaltingsverksemd	20	Noko svakare vekstutsikter fram mot rentemøtet i juni	138
Arbeidet med etikk og forretningsåtfærd	22	Litt høgare inflasjon og vekst heime enn venta fram mot rentemøtet i september	139
Ytre miljø	22	Fallande oljepris og auka uvisse fram mot rentemøtet i oktober	140
Leverandøroppfølging	23	Kraftig fall i oljeprisen og svekte vekstutsikter fram mot rentemøtet i desember	141
Medarbeidarar og arbeidsmiljø	23		
<hr/>			

Noregs Bank Oslo 2015

Hovudkontoret: Bankplassen 2
Postadresse: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 60 00
Telefaks: 22 41 31 05
Reg.nr.: 0629/7
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Øystein Olsen
Visesentralbanksjef: Jon Nicolaisen

Design: Brandlab
Layout og trykk: 07 Media AS
Teksten er sett med 9 pkt. Azo Sans
og trykt i offset på Galerie Art Matt – 150 g papir.
Omslag er trykt på Galerie Art Silk – 300 g papir.

Foto: Ole Walter Jacobsen, Espen Schive, Nils Stian Aasheim, Charlotte Jakset, Kari-Anne Røisgård, Therese Riiser Wålen og Synne Ekrem
Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

Kapittel 2			
Finansiell stabilitet	147		
God inntening og auka kapitaldekning	147		
Nye krav til likviditet	148		
Råd om motsyklisk kapitalbuffer	149		
Kapittel 3			
Marknader og kapitalforvaltning	154		
Styring av likviditeten i banksystemet	154		
Utviklinga i kronelikviditeten til bankane og marknadsoperasjonane til Noregs Bank i 2014	155		
Rentepåslaga i pengemarknaden	155		
Høyringsvar om reguleringa av Nibor-fastsetjinga	156		
Sikkerheit for lån i Noregs Bank	156		
Kapitalforvaltninga	157		
Valutareservane	157		
Krav på IMF	158		
Statens pensjonsfond utland	159		
Oppgåver for staten	159		
Statsgjeld i 2014	159		
Kontohald for staten	161		
Overføringar til SPU	161		
Kapittel 4			
Betalingssystem, setlar og myntar	162		
Ansvar til Noregs Bank	162		
Overvaking av finansiell infrastruktur	162		
Oppgjerssystemet til Noregs Bank	163		
Setlar og myntar	163		
Kontantomløpet	163		
Falske norske setlar	164		
Organisering av kontantforsyninga	164		
Utgiving av minnemyntar	165		
Ny setleserie	167		
Kapittel 5			
Internasjonalt samarbeid	168		
Finansieringa av Det internasjonale valutafondet (IMF)	168		
Kredittavtale med Sedlabanki Islands	168		
Løpande kontakt og samarbeid med andre sentralbankar og internasjonale organisasjonar	169		
Teknisk bistand til sentralbankar i utviklingsland	171		
Kapittel 6			
Om forskingsarbeidet i 2014	172		
Forskningsaktivitet	172		
Konferansar, kurs og seminar	172		
Støtte til økonomisk forskning og utdanning	173		
Jubileumsprosjektet til Noregs Bank	174		
Bokprosjekt i samband med tohundreårsjubileet i 2016	174		
Samarbeid med Kulturhistorisk museum om utstillinga «Frihet» i samband med grunnlovsjubileet	175		
Samarbeid med Riksarkivet om transkribering av sølvskattelistingene frå 1816	175		
Kapittel 7			
Kommunikasjonsverksemda	176		
Pressekonferansar	176		
Talar og foredrag	176		
Nettsidene og sosiale medium	177		
Publikasjonar	177		
Vedlegg	179		
Styrande organ, leiing og organisasjon	179		
Hovudstyret	179		
Representantskapet	179		
Representantskapets tilsynssekretariat	179		
Internrevisjonen	180		
Sentralbankverksemda	180		
Noregs Bank Investment Management	180		



HOVUDPUNKT 2014

Styringsrenta til Noregs Bank blei sett ned frå 1,50 prosent til 1,25 prosent i desember 2014.

Inflasjonen var stabil gjennom 2014. Konsumprisindeksen (KPI) steig med 2,0 prosent frå 2013 til 2014, mens konsumprisindeksen justert for avgiftsendringar og utan energivarer (KPI-JAE) auka med 2,4 prosent.

På grunnlag av råd frå Noregs Bank heldt Finansdepartementet kravet til motsyklisk kapitalbuffer i bankane uendra på 1 prosent.

Valutareservane til Noregs Bank auka med 120 milliardar kroner til 449 milliardar kroner i 2014.

Noregs Bank bestemte kva motiv og tryggleikselement som skal brukast som utgangspunkt for det vidare arbeidet med ny setelserie.

Marknadsverdien på investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland var på 6431 milliardar ved utgangen av 2014. Det var ein auke på meir enn 1393 milliardar kroner frå året før.

Sterke aksjemarknader i første halvår og låge rentenivå bidrog til ei avkastning på 7,6 prosent for Statens pensjonsfond utland i 2014 målt i utanlandsk valuta.

Delen av fondet som var investert i fast eigedom, steig til 2,2 prosent ved utgangen av 2014. Fondet gjorde betydeleg fleire eigedomsinvesteringar i fjor enn tidlegare år.



ÅRSMELDING FRÅ HOVUDSTYRET 2014





Karen Helene Ulltveit-Moe, Gøril Bjerkhol Havro, Jon Nicolaisen, Hilde Myrberg, Øystein Olsen, Egil Matsen, Liselott Kilaas, Jan Erik Martinsen og Kjetil Storesletten

HOVUDSTYRET TIL NOREGS BANK

Samansetjinga av hovudstyret blei endra i 2014. Hilde Myrberg, Kjetil Storesletten og Karen Helene Ulltveit-Moe blei oppnemnde som nye medlemmer frå 1. januar 2014. Hege Sjo blei oppnemnd som ny varamedlem. Dei erstatta Brit Rugland, Eirik Wærness, Ida Helliessen og Gøril Bjerkan (vara). 1. april blei Jon Nicolaisen utnemnd som vise-sentralbanksjef og nestleiar av styret. Han overtok etter Jan F. Qvigstad.

I 2014 blei det halde 14 hovudstyremøte, og det blei behandla i alt 180 saker. Revisjonsutvalet hadde fem møte og kompensasjonsutvalet fire møte.

Øystein Olsen

Utnemnd som sentralbanksjef frå 1. januar 2011 for eit tidsrom på inntil seks år. Olsen har sosial-økonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo. Olsen har erfaring mellom anna som direktør for Statistisk sentralbyrå og som ekspedisjonssjef i Finansdepartementet.

Jon Nicolaisen

Utnemnd som visesentralbanksjef frå 1. april 2014 for eit tidsrom på inntil seks år. Nicolaisen har sosial-økonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo. Nicolaisen har erfaring mellom anna frå Finansdepartementet og OECD og har vore direktør for Noregs Bank Pengepolitikk.

Liselott Kilaas

Oppnemnd første gong for perioden 1. januar 2004–31. desember 2007. Oppattnemnd 1. januar 2008–31. desember 2011 og 1. januar 2012–31. desember 2015. Kilaas har Master of Science i statistikk frå Universitetet i Oslo og har MBA frå International Institute for Management Development (IMD) i Lausanne. Kilaas er konsernsjef for Aleris. Ho har styreerfaring frå mellom anna Telenor og brei erfaring frå næringslivet.

Egil Matsen

Oppnemnd for perioden 1. januar 2012–31. desember 2015. Matsen er dr.oecon. frå Noregs Handelshøgskole. Han er professor og instituttleiar ved Institutt for samfunnsøkonomi, NTNU, og forskar innanfor makro-økonomi og finans. Han har òg erfaring frå Noregs Bank.

Hilde Myrberg

Oppnemnd for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Myrberg har juridisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo og MBA frå INSEAD. Ho er sjølvstendig næringsdrivande. Myrberg har fleire styreverv, mellom anna nestleiar i styret i Petoro AS. Ho har brei erfaring frå næringslivet og har mellom anna vore konserndirektør i Orkla.

Kjetil Storesletten

Oppnemnd for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Storesletten er siviløkonom frå Noregs Handelshøgskole og PhD i Economics frå Carnegie Mellon University. Han er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo. Han har ei rekkje verv og er mellom anna styreleiar i Review of Economic Studies. Han har vore tilknytt Stockholms Universitet og Federal Reserve Bank of Minneapolis.

Karen Helene Ulltveit-Moe

Oppnemnd for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Ulltveit-Moe er siviløkonom frå University of Mannheim og PhD i samfunnsøkonomi frå Noregs Handelshøgskole. Ho er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo. Ho har hatt ei rekkje verv, har styreerfaring frå fleire foretak, og har vært medlem og leiar av ulike offentlege, regjeringsoppnevnte utval. Ho var tidlegare tilknytt Noregs Handelshøgskole og har òg erfaring frå Noregs Bank.

VARAMEDLEMMER:

Espen R. Moen (1. varamedlem)

Oppnemnd for perioden 1. januar 2012–31. desember 2015. Moen har sosialøkonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo og PhD i økonomi frå London School of Economics (LSE). Han er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo. Moen er fellow i the European economic association og Centre for Economic Policy Research. Han var tidlegare tilknytt Handelshøgskolen BI, Frisch-senteret og LSE.

Hege Sjo (2. varamedlem)

Oppnemnd for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Sjo er utdanna siviløkonom frå Stirling University i Skottland og har høgare avdeling i finans frå Noregs Handelshøgskole. Sjo var seniorrådgivar i Hermes Fund Management Ltd.

Sjo tok til i stillinga som avdelingsdirektør i Nærings- og fiskeridepartementet 2. februar 2015 og blei av den grunn friteken frå vervet som varamedlem til hovudstyret i Noregs Bank frå 1. februar 2015.


REPRESENTANTAR FOR DEI TILSETTE:

Jan Erik Martinsen

Oppnemnd for perioden 1. januar 2001–31. desember 2015. Representerer dei tilsette. Tilsett i Noregs Bank i 1975. Hovudverneombod i perioden 1. januar 1994–31. desember 2000. Leiar i Noregs Banks Funksjonærforbund (nå: Finansforbundet i Noregs Bank) frå 1. januar 2007.

Gøril Bjerkhov Havro

Oppnemnd for perioden 1. januar 2011–31. desember 2016. Representerer dei tilsette. Tilsett i Noregs Bank i 2008. Har bachelorgrad frå Universitetet i Oxford, mastergrad i utviklingsstudium frå Nelson Mandela Metropolitan University i Sør-Afrika og er siviløkonom frå HEC Paris.



OPPGÅVER OG ORGANISERING

Verksemda til Noregs Bank er regulert i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) av 24. mai 1985. Lova slår fast at Noregs Bank skal vere eit utøvande og rådgivande organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken. Regjeringa har fastsett eit inflasjonsmål for pengepolitikken gjennom ei forskrift til sentralbanklova. Forskrifta seier at det operative målet for pengepolitikken skal vere ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. Banken skal skrive ut pengesetar og myntar, fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene. Etter forskrift frå 4. oktober 2013 skal Noregs Bank òg utarbeide avgjerdsgrunnlag og gi Finansdepartementet kvartalsvise råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane.

Oppgåva Noregs Bank har med å forvalte Statens pensjonsfond utland, er regulert gjennom lov om Statens pensjonsfond og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) fastsett av Finansdepartementet.

Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret og representantskapet. Hovudstyret har ansvar for den utøvande og rådgivande verksemda i Noregs Bank og forvaltar midlane til banken. Hovudstyret består av sju medlemmer – alle oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefen er høvesvis leiar og nestleiar. Dei fem andre medlemmene er ikkje fast tilsette i banken. Det er òg oppnemnt to varamedlemmer for dei eksterne medlemmene som møter i styret med talerett. Dei tilsette har to medlemmer som deltek ved behandling av saker som gjeld den interne drifta i banken og tilhøva for dei tilsette.

Hovudstyret har to underutval: revisjonsutvalet og kompensasjonsutvalet. Revisjonsutvalet består av tre av dei eksterne medlemmene av hovudstyret og er eit saksførebuande og rådgivande arbeidsutval som skal styrkje og effektivisere arbeidet med forvaltning og oppfølging knytt til finansiell rapportering, risikostyring og internkontroll. Hovudstyret nyttar internrevisjonen som organ for uavhengig vurdering av risikostyring og internkontroll. Internrevisjonen rapporterer fagleg til revisjonsutvalet. Kompensasjonsutvalet består av to av dei eksterne medlemmene av hovudstyret. Det er eit saksførebuande og rådgivande utval for saker som gjeld lønns- og kompensasjonsordningane til banken.

Representantskapet består av 15 medlemmer som Stortinget har oppnemnt. Gjennom verksemd og rapportering skal representantskapet forvise Stortinget om at Noregs Bank, medrekna forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, er forsvarleg og formålstenleg driven, og at lover og føresetnader er følgde. Representantskapet vedtek budsjettet til Noregs Bank etter forslag frå hovudstyret og fastset årsrekneskapen til banken.

Etter sentralbanklova skal sentralbanksjefen stå for den daglege leiinga av banken. Visesentralbanksjefen er nestleiar. For NBIM har hovudstyret delegert avgjerdsrett direkte til NBIM-leiaren gjennom stillingsinstruks. NBIM forvaltar Statens pensjonsfond utland og dei langsiktige valuta-reservane.



ÅRSMELDING FRÅ HOVUDSTYRET FOR 2014

STRATEGI 2014-2016

Noregs Bank utfører viktige samfunnsoppgåver og forvaltar store verdier på vegner av fellesskapet. Gjennom sentralbankverksemda skal Noregs Bank fremje stabilitet i økonomien. Målet for kapitalforvaltninga er å få så høg avkastning som mogleg på midlane i Statens pensjonsfond utland (SPU) innanfor rammene som dei politiske myndighetene har fastsett.

Hovudstyret arbeider for å realisere måla og verdiane til banken. Hovudstyret har òg ansvar for at det er gode nok rammer og prinsipp for verksemda, og for at risikostyring og internkontrollen til banken er god nok i alle delar av verksemda. Hovudstyret fastset treårige strategiplanar som beskriv status, utfordringar og prioriteringar. Strategien utgjør, saman med lovpålagde krav og interne retningslinjer, ramma for verksemda.

I strategien for 2014-2016 blir det trekt fram at Noregs Bank dei neste tre åra vil fornye og vidareutvikle arbeidet med kjerneoppgåvene til banken. Banken skal bidra til å setje standarden internasjonalt for utøvinga av pengepolitikken, for overvaking og analysane av stabiliteten i det finansielle systemet og for internasjonal kapitalforvaltning.

Noregs Bank skal fremje effektive marknader og eit robust og veldrive betalingsssystem. Banken skal vere ein pådrivar i arbeidet med å betre effektiviteten i den norske pengemarknaden, utføre oppgjærstenester i betalingsssystemet og utferde kontante betalingsmidlar i samsvar med beste internasjonale praksis.

Noregs Bank skal vere ein open og veldriven sentralbank. Banken skal kommunisere ope, etterretteleg og attkjennande. Ressursbruken skal vere nøktern og forsvarleg og godt tilpassa oppgåvene til banken. Banken skal ha ein kultur som er prega av prestasjon og lagånd. Medarbeidarane skal motiverast til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling, og ein skal stimulere til endring og fornying og til rekruttering av medarbeidarar frå leiande fagmiljø.

PENGEPOLITIKK, FINANSIELL STABILITET OG BETALINGSFORMIDLING

Den moderate oppgangen i internasjonal økonomi heldt fram i 2014, men usikkerheita om utviklinga framover var stor, særleg i euroområdet. Inflasjonen minka frå 2013 til 2014 og blei til dels betydeleg lågare enn venta hos mange av handelspartnarane.

Dei langsiktige rentene internasjonalt fall gjennom 2014 og var historisk sett svært låge ved utgangen av året. Styringsrentene blei sette ned og låg nær null i mange land. Den venta renteoppgangen ute blei utsett. I Japan og i euroområdet bestemte sentralbankane seg for å auke verdipapirkjøpa. I USA heldt sentralbanken derimot fram med å trappe ned nettokjøpa av verdipapir. Dei langsiktige rentene i Noreg følgde nedgangen internasjonalt. Ved utgangen av året var tiårsstatsrenta i Noreg på 1,6 prosent.

Oljeprisen fall kraftig dei siste månadene av 2014 og var under 60 dollar per fat ved utgangen av desember. Også terminprisane på olje fall. Fallet i oljeprisen bidrog til at krona svekte seg betydeleg. Målt ved den importvegne indeksen I-44 var krona 9 prosent svakare ved utgangen av 2014 enn på same tid året før.

Veksten i fastlandsøkonomien var moderat og om lag på same nivå som i 2013. Det var vekst i dei fleste næringar, men aktiviteten i oljeleverandørnæringa minka. Etter fleire år med høg vekst i petroleumsinvesteringane var det ei utflating i 2014. Veksten i eksporten av tradisjonelle varer og tenester tok seg opp gjennom fjoråret. Oppgangen kan ein mellom anna sjå i lys av betra konkurransevne som følgje av den svekte krona. I bygg- og anleggssektoren auka veksten frå låge nivå gjennom fjoråret. Investeringane i fastlandsbedriftene var om lag uendra frå 2013 til 2014.

Veksten i forbruket til hushalda var moderat, og sparinga steig vidare frå nivå som var høge frå før. Etter ei svak utvikling i bustadmarknaden hausten 2013 tok bustadprisane og omsetninga i bustadmarknaden seg opp igjen gjennom 2014. Gjeldsveksten til hushalda gjekk litt ned, men gjelda voks framleis raskare enn inntektene. Veksten i sysselsetjinga heldt seg oppe, mens arbeidsløysa auka noko frå låge nivå. Kapasitetsutnyttinga

minka gjennom året og var noko lågare enn eit normalt nivå ved utgangen av 2014. Lønnsveksten gjekk ned frå 2013 til 2014.

Inflasjonen har lenge vore låg og stabil. Sett over fleire år har prisveksten vore noko under, men ganske nær, 2,5 prosent. I 2014 var årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) 2,0 prosent, mens årsveksten i konsumprisindeksen justert for avgiftsendingar og utan energivarer (KPI-JAE) var 2,4 prosent. Prisveksten var stabil gjennom fjoråret.

Vekstutsiktene for norsk økonomi svekte seg gjennom 2014, særleg mot slutten av året. Fram mot sommaren blei det tydeleg at petroleumsinvesteringane framover ville bli betydeleg lågare enn ein tidlegare hadde trudd. Fallet i oljeprisen gjennom hausten bidrog til å forsterke nedgangen i petroleumsnæringa. Det vil gi ringverknader for fastlandsøkonomien og truleg bidra til høgare arbeidsløyse. Det var utsikter til at veksten i privat konsum og føretaksinvesteringar ville bli lågare enn ein tidlegare hadde trudd. Anslaga for lønnsveksten i dei neste par åra blei justert ned. Samtidig kunne svekkinga av krona bidra til å halde inflasjonen oppe gjennom auka prisvekst på importerte konsumvarer. Det var utsikter til at inflasjonen blir liggjande nær 2,5 prosent. Utsikter til betydeleg lågare vekst i norsk økonomi førte til at prognosen for styringsrenta blei nedjustert både i juni og i desember. Ved rentemøtet i desember vedtok hovudstyret å setje ned styringsrenta med 0,25 prosentepoiningar, til 1,25 prosent.

I gjennomføringa av pengepolitikken skal Noregs Bank sørge for å styre dei samla innskota til bankane i sentralbanken slik at dei kortsiktige rentene i pengemarknaden held seg nær styringsrenta. Det blir gjort ved ulike former for marknadsoperasjonar, som inneber at sentralbanken anten tilfører bankane reservar eller trekkjer reservar ut av banksystemet. Marknadsrenta på usikra lån mellom bankane over natta (NOWA) var i gjennomsnitt eitt basispunkt lågare enn styringsrenta til Noregs Bank i 2014. Det dagleg rapporterte omsetningsvolumet for lån over natta mellom bankane var 12,5 milliardar kroner i gjennomsnitt gjennom året.

Bankane sine utlånsrenter på bustadlån blei sette ned gjennom året. Forskjellen mellom

utlånsrentene og pengemarknadsrentene blei noko mindre etter å ha auka åra før.

Bankane hadde god lønnsemd i 2014. Det gjorde dei i stand til å auke kapitaldekninga ved å halde tilbake overskot. Alle norske bankar oppfylte kravet til rein kjernekapitaldekning på 10 prosent, som gjaldt frå 1. juli 2014, med god margin. Bankane ligg no godt an til å møte dei auka kapitalkrava dei neste åra. Meir kapital gjer bankane meir robuste mot eit framtidig tilbake-slag.

I tråd med forskrifta frå 4. oktober 2013 har Noregs Bank utarbeidd avgjerdsgrunnlag og gitt Finansdepartementet kvartalsvise råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane. Avgjerdsgrunnlaget er lagt fram i Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen blei i desember 2013 fastsett til 1 prosent med verknad frå 30. juni 2015. Utgangspunktet for vurderinga til Noregs Bank er at bankane bør byggje opp og halde ein motsyklisk kapitalbuffer når finansielle ubalansar byggjer seg opp eller har bygd seg opp. Basert på utviklinga i kreditt- og eigeomsprisar vurderte hovudstyret det slik at finansielle ubalansar ikkje bygde seg vidare opp i 2014. På grunnlag av råd frå Noregs Bank bestemte Finansdepartementet seg for å halde bufferkravet uendra. Bustadprisveksten var sterk gjennom hausten. Hovudstyret vurderte det slik at dersom bustadprisane heldt fram med å stige markert raskare enn inntektene til hushalda, slik at dei finansielle ubalansane auka, ville det bli aktuelt å gi råd om ein høgare motsyklisk kapitalbuffer.

Norske bankar har hatt god tilgang til og gunstige vilkår på marknadsfinansiering. Bankane har forbetra finansieringsstrukturen og redusert likviditetsrisikoen sidan finanskrisa, men løpetida på finansieringa fall noko i 2014. Eit nytt krav til likviditetsdekning i bankane, Liquidity Coverage Ratio (LCR), vil bli gradvis innført i EU frå 2015. Kravet vil òg bli gjort gjeldande for norske bankar. Det er avgrensa tilgang på høglikvide verdipapir i norske kroner. Reguleringa av banklikviditeten må derfor tilpassast norske forhold. Hovudstyret meinte at det ikkje ville vere formålstenleg for Noregs Bank å setje opp nokon ny lånefasilitet for at bankane skulle oppfylle likviditetskrava.

Bankane kan i staden halde meir høglikvide verdipapir i valuta.

Den finansielle infrastrukturen i Noreg er i hovudsak robust og effektiv. Det var få avvik i interbanksystema og oppgjerssystema for verdipapir i 2014. Slik Noregs Bank ser det, oppfyller dei norske betalings- og oppgjerssystema dei fleste internasjonale prinsippa som gjeld for slike system.

Drifta av oppgjerssystemet til Noregs Bank var stabil i 2014. I oppgjerssystemet blei det i gjennomsnitt gjort opp betalningar for 213 milliardar kroner dagleg, mot 203 milliardar kroner i 2013. Ved utgangen av 2014 hadde bankane folio- og reserveinnskott på i alt 34,3 milliardar kroner i Noregs Bank.

Noregs Bank har no bestemt kva tryggleiks-element og kva motiv som skal brukast som utgangspunkt for det vidare arbeidet med ny setelserie. Våren 2014 blei det gjennomført ein konkurranse i to trinn om utforming av motiv. Formålet med konkurransen var å komme fram til eit forslag som kan vere det kunstnariske utgangspunktet for utforminga av ein ny setelserie, og som formidlar temaet «havet» på ein god måte. Dei to første setelvalørane, 100- og 200-kronesetelen, vil tidligst bli gitt ut i 2. kvartal 2017.

KAPITALFORVALTING I NOREGS BANK

INTERNASJONALE RESERVAR

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valutareservane og krav på Det internasjonale valutafondet (IMF). Valutareservane er delte inn i ein pengemarknadsportefølje og ein langsiktig portefølje. I tillegg er det ein petrobufferportefølje som skal samle opp midlar for overføring av valuta til Statens pensjonsfond utland (SPU). Krav på IMF består av kvoten i IMF, behaldninga av SDR og lån og kronegjeld til IMF.

Valutareservane utgjorde 92,32 prosent av dei totale internasjonale reservane på 485,8 milliardar kroner ved utgangen av 2014.

Valutareservane skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken eller ut frå omsynet til finansiell stabilitet, og for å møte dei internasjonale pliktene til Noregs Bank.

Marknadsverdien av valutareservane var 448,6 milliardar kroner ved utgangen av fjerde kvartal 2014. Aksjar og langsiktige renteinvesteringar utgjorde til saman 347,3 milliardar kroner, mens pengemarknadsinvesteringane og petrobufferporteføljen var på høvesvis 49,9 og 51,4 milliardar kroner. Reservane auka med 120,3 milliardar kroner gjennom 2014. Avkasting i internasjonal valuta bidrog til å auke reservane med om lag 32,4 milliardar kroner, og svekt kronkurs auka verdien av reservane med 57,4 milliardar kroner. Kronkurs har elles ikkje noko å seie for den internasjonale kjøpekrafta til reservane.

Avkastinga på valutareservane, eksklusiv petrobufferporteføljen, målt i internasjonal valuta, svarte til 7,69 prosent i 2014.

STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegner av Finansdepartementet. Marknadsverdien på investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland var på 6431 milliardar kroner ved utgangen av 2014. Det var ein auke på meir enn 1393 milliardar kroner frå året før.

Sterke aksjemarknader i første halvår og låge rentenivå bidrog til ei avkasting på 7,6 prosent for 2014 målt i utanlandsk valuta. Resultatet er på linje med den gjennomsnittlege avkastinga dei siste ti åra. Aksjeinvesteringane til fondet fekk ei avkasting på 7,9 prosent, mens renteinvesteringane fekk ei avkasting på 6,9 prosent. Avkastinga på eigeinvesteringane var 10,4 prosent.

Avkastinga på aksje- og renteinvesteringane til fondet blir samanlikna med avkastinga til globale referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Referanseindeksen til fondet blir fastsett av Finansdepartementet med utgangspunkt i indeksar frå FTSE Group og Barclays Capital. Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksane fondet kan ha i forvaltninga av aksje- og renteinvesteringane.

Fondet si samla eksponering mot ulike marknader, kjelder til risiko og avkasting må tilpassast jamleg. Målet om høgast mogleg avkasting til akseptabel risiko kan ein best nå ved å vere breitt investert i den globale produksjonen av varer og tenester. Fondet skal vere investert i dei fleste

marknader, land og valutaer for å få ei brei eksponering mot veksten i verdsøkonomien.

I 2014 var fondet si samla avkastning på aksje- og renteinvesteringane 0,8 prosentpoeng lågare enn avkastinga på referanseindeksane. Hovudårsakene til det negative relative resultatet var at fondet hadde ein større del europeiske aksjar, overvekt i enkeltelskap med svak utvikling og lågare durasjon på renteinvesteringar samanlikna med referanseindeksen. Den relative avkastinga til fondet sidan opprettinga har vore 0,3 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen, og dei siste ti åra har ho vore 0,1 prosentpoeng høgare.

Fondet fekk den første kapitaltilførselen frå den norske staten i mai 1996. Ved utgangen av 2014 var den samla tilførselen sidan starten på 3452 milliardar kroner, mens fondet si samla avkastning var på 2343 milliardar kroner. Norges Bank Investment Management blei etablert 1. januar 1998 for å forvalte midlane til fondet. Fram til utgangen av 2014 har fondet hatt ei årleg avkastning på 5,8 prosent. Etter frådrag for forvaltingskostnader og prisvekst har avkastinga vore 3,8 prosent.

Marknadsverdien til fondet blir påverka av avkastinga, kapitaltilførselar og endringar i valutakursane. I 2014 utgjorde tilførselen frå staten 147 milliardar kroner, mens avkastinga på porteføljen var 544 milliardar kroner før valutajusteringar. Gevinstar og tap som skriv seg frå endra kronekurs, verkar ikkje inn på den internasjonale kjøpekrafta til fondet.

Kronekursen svekte seg gjennom 2014 mot fleire av valutaene som fondet blir investert i,

og det auka isolert sett marknadsverdien med 702 milliardar kroner. Ved utgangen av året var investeringane til fondet fordelte med 61,3 prosent i aksjar, 36,5 prosent i rentepapir og 2,2 prosent i eigedom.

Noregs Bank fekk i mars 2010 mandat til gradvis å investere inntil 5 prosent av midlane i porteføljen i eigedom. Gjennom 2014 har banken gjort mange nye eigedomsinvesteringar. Investeringane rekna i talet på land, valutaer og selskap har auka i 2014 til 2,2 prosent av fondsverdien. Norges Bank Investment Management oppretta i oktober ei eiga leiargruppe for eigedomsforvaltninga som skal byggje og vidareutvikle eigedomsorganisasjonen.

VERKSEMDSSTYRING, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Verksemdsstyringa, inkludert risikostyring og internkontroll, tek utgangspunkt i styringsmodellen som beskriv den faste organiseringa, styringsprinsipp og roller og ansvar for den øvste leiinga. Det er fastsett styringsmodellar for kapitalforvaltninga og sentralbankverksemda med meir detaljerte styringsprinsipp for dei to einingane.

Finansdepartementet har vedteke ei eiga forskrift for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank. Forskrifta samsvarer med forskrift om risikostyring og internkontroll (risikostyringsforskrifta), som Finanstilsynet har fastsett.

Hovudstyret har vedteke hovudprinsipp for risikostyring for Noregs Bank og nærmare prinsipp

AVKASTING MÅLT I VALUTAKORGA TIL FONDET

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utlandsk valuta. Fondsavkastinga blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetjing av valutaene i fondet sine referanseindeksar for aksjar og

obligasjonar. Denne samansetjinga blir kalla valutakorga til fondet og bestod av 34 valutaer ved utgangen av fjerde kvartal 2014. Om ikkje noko anna er oppgitt i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga til fondet.

for risikostyring for sentralbankverksemda (SBV) og Norges Bank Investment Management (NBIM). Dei to verksemdsområda har etablert sine egne separate funksjonar som koordinerer og følgjer opp risikostyring i eiga eining. Dei har òg kvar sin compliance-funksjon som følgjer opp at lover, forskrifter og internt regelverk blir etterlevde.

Hovudstyret nyttar revisjonsutvalet som saksførebuaende organ, i hovudsak knytt til styret sine tilsynsfunksjonar og styret sitt ansvar for risikostyring, internkontroll og finansiell rapportering. Revisjonsutvalet består av tre av dei eksterne medlemmene i hovudstyret.

Rapportering av operasjonell risiko er ein integrert del av verksemdsstyringa. SBV rapporterer risikovurderingar to gonger årleg til hovudstyret, mens NBIM rapporterer fire gonger årleg. Sentralbanksjefen vurderer kvart år om internkontrollen har vore godt nok gjennomført. Uavhengig og effektiv revisjon skal bidra til formålstenleg verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll og til påliteleg finansiell rapportering. I samsvar med sentralbanklova § 30a skal Noregs Bank ha ein internrevisjon som rapporterer til hovudstyret. Internrevisjonen har instruks frå hovudstyret, som òg godkjenner dei årlege planane og budsjetta til revisjonen. Internrevisjonen gir ein årleg uavhengig rapport om internkontrollen i banken.

Basert på rapportering frå administrasjonen og internrevisjonen gir hovudstyret representantskapet ei årleg vurdering av risikosituasjonen i banken.

Hovudstyret vurderer kontrollmiljøet og kontrollsystema i Noregs Bank som gode, og det er ikkje avdekt vesentlege operasjonelle feil.

NÆRMARE OM BALANSESAMANSETJING OG FINANSIELL RISIKO

Den totale balansen for Noregs Bank ved utgangen av 2014 var på 6941,2 milliardar kroner, inkludert investeringsporteføljen til SPU på 6427,5 milliardar kroner. Finansdepartementet har plassert fondsmidlar til forvaltning i SPU som eit kapitalinnskot på konto i Noregs Bank (kronekontoen). Banken vidareplasserer kronekontoen i eige namn i ein investeringsportefølje som består av aksjar, rente-

papir og fast eigedom. Nettoverdien av investeringsporteføljen blir presentert på eiga linje som ein eighedel i balansen til Noregs Bank, og kronekontoen blir tilsvarande presentert som ei gjeld til Finansdepartementet. Desse to balansepostane er alltid identiske i storleik og avkasting. Noregs Bank ber ingen finansiell risiko knytt til forvaltninga av SPU. Vi viser elles til nærmare utdjuping om SPU i notane til rekneskapen.

Forutan SPU er valutaeservane den største eighedelen i balansen. Valutaeservane består primært av aksjar og statsobligasjonar og sertifikat. I tillegg blir finansielle derivat brukte i risikostyringa. Valutaeservane blir rapporterte og følgde opp samla. Hovudstyret får kvartalsvis rapport om forvaltninga av valutaeservane, og ein forenkla versjon av denne rapporten blir offentleggjort.

Den største gjeldsposten i balansen er innskot frå staten. Per 31. desember utgjorde denne 115,6 mot 89,5 milliardar kroner i 2013. Denne posten svingar mykje gjennom året som følgje av inn- og utbetalingar over kontoane til staten. Døme på det er innbetaling av skattar og avgifter, utbetalingar av lønningar og trygder og kjøp av varer og tenester. Setlar og myntar i omløp og innskot frå norske bankar er andre store postar. Setlar og myntar i omløp har dei siste åra lege relativt stabilt rundt 50 milliardar kroner. Bankreservane, som er sette saman av folioinnskot og reserveinnskot, er styrte av Noregs Bank gjennom likviditetspolitikken, der ein normalt siktar mot eit nivå på 35 milliardar kroner. Per 31. desember utgjorde bankreservane 34,3 milliardar kroner, mot 37,3 milliardar kroner i 2013.

Eighedelane til banken er hovudsakleg plasserte i valuta, mens gjelda primært er i norske kroner. Det gir ein valutarisiko som krev nok eigenkapital. Fleire forhold fører til at balansesamansetjinga gir opphav til ei venta langsiktig positiv avkasting:

- Det blir betalt renter på staten sine innskot og bankane sine innskot i Noregs Bank. Valutaeservane er plasserte i obligasjonar og aksjar. Obligasjonar er venta å gi ei høgare avkasting enn renta på innskot over tid. Aksjar er vidare venta å gi ei høgare langsiktig avkasting enn obligasjonar.

- Utferdinga av setlar og myntar er ei av hovudoppgåvene til Noregs Bank. Det inneber at banken alltid vil ha ei gjeld som ikkje er renteberande. Motposten vil vere at banken har renteberande fordringar på andre aktørar. Setelmonopolet bidreg såleis til at rekneskapen normalt vil vise overskot (*seigniorage*).

Noregs Bank legg stor vekt på å styre og kontrollere risiko og har fastsett prinsipp for å måle og styre dei ulike risikotypene. Samansetjinga av porteføljane til valutaresservane og den tilhøyrande risikoen blir i hovudsak bestemt av prinsippa, referanseindeksen og retningslinjene som hovudstyret og sentralbanksjefen har fastsett.

Verdivurdering, avkastingsmåling, styring og kontroll av risiko i forvaltninga skal følgje internasjonalt godkjende standardar og metodar. I forvaltninga av valutaresservane er Noregs Bank i hovudsak eksponert mot ulike typar finansiell risiko: marknadsrisiko, kredittrisiko og motpartsrisiko. I tillegg er banken eksponert mot kredittisiko knytt til utlån til bankar. Noregs Bank er ikkje eksponert for likviditetsrisiko.

UTGREIING OM REKNESKAPEN

I all hovudsak er kontantstraumane i Noregs Bank av operasjonell karakter. Inntektene til Noregs Bank består i hovudsak av netto inntekt frå finansielle instrument frå banken si eiga kapitalforvaltning, i hovudsak valutaresservane til Noregs Bank. Gevinstar og tap består av valutakursendringar, aksjekursendringar og renteendringar som påverkar obligasjonskursane. Dette er usikre og uføresielege inntekter. Resultatet for Noregs Bank er avhengig av korleis desse parametrane utviklar seg, og det kan gi store årlege svingingar i resultatet. Årsresultatet er heilt dominert av inntektene banken har frå si eiga kapitalforvaltning.

For 2014 viser det samla resultatet for Noregs Bank eit overskot på 89,6 milliardar kroner, mot eit overskot på 53,5 milliardar kroner i 2013. Netto inntekt frå finansielle instrument i dei internasjonale verdipapirmarknadene knytte til valutaresservane til banken gav ein gevinst på 89,7 milliardar kroner i 2014, mot 53,2 milliardar i 2013. Grunnen

til auken i denne nettoinntekta er at den norske krona svekte seg mot dei fleste hovudvalutaene i valutaresservane, som – omrekna til norske kroner – førte til ein valutagevinst på 57,4 milliardar kroner i 2014. I 2013 gav svekkinga av den norske krona mot dei fleste hovudvalutaene i valutaresservane ein valutagevinst på 25,0 milliardar kroner for valutaresservane. Gevinstar og tap som skriv seg frå endra kronekurs, verkar ikkje inn på den internasjonale kjøpekrafta for valutaresservane.

Andre inntekter består av godtgjersle frå Finansdepartementet for SPU-forvaltninga, inntekter for tenester til bankar og staten og husleige frå eksterne leigetakarar. Andre inntekter utgjorde 3,3 milliardar kroner i 2014, mot 3,0 milliardar kroner i 2013. I samsvar med mandat for forvaltninga av SPU § 5-1 får Noregs Bank godtgjersle for kostnaden for SPU-forvaltning innanfor ei øvre grense, og banken får denne refundert som inntekt frå Finansdepartementet. Forvaltingshonoraret frå SPU var 3,2 milliardar kroner, som utgjør 5,9 basispunkt rekna av gjennomsnittleg forvalta kapital for 2014.

Totalresultatet i SPU på 1242,7 milliardar kroner består av eit porteføljeresultat på 1245,9 milliardar kroner minus forvaltingskostnader på 3,2 milliardar kroner. Totalresultatet er lagt til statens kapitalinnskot i SPU per 31. desember 2014. Heile den oppnådde avkastninga ved forvaltninga, etter frådrag for godtgjersle til Noregs Bank, blir knytt til kronekontoen til SPU og påverkar derfor ikkje totalresultatet eller eigenkapitalen til Noregs Bank.

Eigenkapitalen til Noregs Bank var på 205,5 milliardar kroner per 31. desember 2014, mot 126,7 milliardar kroner per 31. desember 2013. Eigenkapitalen består av kursreguleringsfond og overføringsfond. Ved utgangen av 2014 var kursreguleringsfondet på 184,6 milliardar kroner og overføringsfondet på 20,8 milliardar kroner etter at det blei flytta over 10,4 milliardar kroner til anna gjeld som overføring til statskassen. Samanlikna med balansen til Noregs Bank, eksklusiv SPU, svarer dette til ein eigenkapitalandel på 40 prosent. Fluktusjonar i eigenkapitalen til Noregs Bank blir dominerte av fluktusjonar i marknadsverdien til valutaresservane.



DISPONERING AV TOTALRESULTATET

Disponeringa av totalresultatet i Noregs Bank følgjer retningslinjene for avsetjing og disponering av resultatet til Noregs Bank, som opphavleg var vedtekne i statsråd 7. februar 1986 med heimel i sentralbanklova av 24. mai 1985 § 30. Retningslinjene er seinare endra fleire gonger, seinast ved kgl.res. 6. desember 2002.

Av overskotet til Noregs Bank skal det avsetjast til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 5 prosent av banken sine fordringar i norske verdipapir og 40 prosent av banken sine netto valuta-reservar. Eventuelt overskot etter avsetjing til eller tilførsel frå kursreguleringsfondet blir avsett til overføringsfondet. Frå overføringsfondet blir det etter kvart årsoppgjer avsett eit beløp til statskassen som svarer til ein tredjedel av dei inne-ståande midlane i overføringsfondet.

I tråd med retningslinjene blir det gjennomført følgjande overføringar og disponeringar:

Totalresultatet på 89,2 milliardar kroner blir overført med 57,9 milliardar kroner til kursreguleringsfondet og 31,3 milliardar kroner til overføringsfondet. Frå overføringsfondet blir det overført ein tredjedel – 10,4 milliardar kroner – til statskassen og som blir omdisponert frå eigenkapital til anna gjeld.

SAMFUNNSANSVAR

Noregs Bank varetek viktige samfunnsoppgåver, og banken utøver samfunnsansvar gjennom arbeidet med desse oppgåvene: Banken har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken og skal bidra til robuste og effektive betalingssystem og finansmarknader. Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland på vegne av staten.

Noregs Bank skal halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane og etterleve gjeldande lover og reglar. Noregs Bank aksepterer ingen former for diskriminering eller korrupsjon.

Statens pensjonsfond utland-forvaltinga tek omsyn til internasjonalt godkjende prinsipp. Desse prinsippa omfattar menneskerettar, arbeidstakarrettar og sosiale forhold, miljø og antikorrupsjon.

Hovudstyret styrer og følgjer opp banken sine oppgåver gjennom mål, strategiar og interne styringsdokument. Banken skal utøve oppgåvene sine i tråd med beste praksis internasjonalt og i samsvar med prinsipp for etikk og forvaltning som hovudstyret har vedteke. Ressursbruken til Noregs Bank skal tilpassast dei oppgåvene banken er tildelt.

EIN OPEN OG VELDRIVEN SENTRALBANK

Noregs Bank har som mål å fremje økonomisk stabilitet i landet. Banken skal utøve pengepolitikken og bidra til robuste og effektive betalingssystem og finansmarknader.

Noregs Bank innrettar pengepolitikken mot låg og stabil inflasjon, samtidig som pengepolitikken skal bidra til stabilitet i produksjon og sysselsetjing.

Noregs Bank medverkar til at det finansielle systemet er robust, ved å overvake og gi råd til myndigheitene om tiltak for å førebyggje systemrisiko og ved å bidra til å utforme rammevilkår for det finansielle systemet. Oppgjerssystemet til banken er med på å sikre raskt og trygt oppgjær av betalingar mellom bankane. Banken sikrar òg at samfunnet har tilgang til og nødvendig tillit til kontantar som betalingsmiddel.

Forsking i Noregs Bank omfattar forsking på problemstillingar knytte til kjerneområda til banken og aktuelle økonomiske problemstillingar.

Arbeidet med kjerneoppgåvene inneber at banken deltek i internasjonalt samarbeid gjennom fleire kanalar. Slik bidreg Noregs Bank til å vidareutvikle internasjonale standardar for korleis kjerneoppgåvene til sentralbankane skal utførast. Etter oppdrag frå Finansdepartementet bidreg Noregs Bank til finansieringsordningar for gjeldsutsette statar og overvaking av det globale finansielle systemet, som blir utført av Det internasjonale valutafondet (IMF).

Noregs Bank legg vekt på at verkemiddelbruken til banken blir kommunisert ope, blir forstått og er føreseieleg for hushald, bedrifter og aktørar i finansmarknadene. Noregs Bank offentleggjer analysane sine og grunnlaget for avgjerder og råd. Banken kommuniserer i form av publikasjonar, rapportar, føredrag, pressekonferansar og seminar. Banken legg fram vurderingane til hovudstyret i rapportar, inkludert om pengepolitikken og den finansielle stabiliteten.

Hovudstyret vedtok i 2014 at det i jubileumsåret 2016 skal etablerast eit nytt besøksenter i Noregs Bank. Her skal banken ta imot skuleelevar og andre gjester og på den måten bidra til å styrkje og vidareutvikle kommunikasjon av oppgåvene til banken og korleis dei skal utførast.

Noregs Bank-bygget i Kvadraturen i Oslo er eit viktig monumentalbygg som har høg kulturhistorisk verdi. I samarbeid med offentlege myndigheiter og andre grunneigarar blir det her lagt til rette for ei trygg og positiv byutvikling i nærområdet.

ANSVARLEG FORVALTINGSVERKSEMD

Noregs Bank skal gjennom ei langsiktig og forsvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland bidra til at både noverande og framtidige generasjonar kan nytte godt av Noregs oljerikdom. Målet for forvaltinga, som Finansdepartementet har fastsett i forvaltingsmandatet, er å få høgast mogleg avkastning til akseptabel risiko. Arbeidet med ansvarleg forvaltning støttar opp om dette.

Det er det norske folket som eig fondet. Oppdraget til Noregs Bank er å vareta og utvikle finansielle verdier for framtidige generasjonar. Ein prøver å utnytte kombinasjonen av særtrekka i fondet. Statens pensjonsfond utland er ein stor global investor med langsiktig investeringshorisont. Fondet er investert i dei fleste

marknader, sektorar og land for å ta del i den globale verdiskapinga og for å spreie risikoen best mogleg.

Openheit er viktig for å sikre tillit hos fondseigarane og hos selskapa og marknadene vi investerer i. Openheit om korleis fondet blir forvalta, bidreg òg til å sikre legitimiteten som finansiell investor.

Ansvarleg forvaltingsverksemd er ein viktig og integrert del av forvaltingsoppdraget. Det handlar om å forvalte dei finansielle verdiane til oppdragsgivaren på ein ansvarleg og god måte. Investeringane blir vidareutvikla gjennom langsiktig oppfølging, og målet er å bidra til ein marknadspraksis som er gunstig for kapitalmarknadene på lang sikt. I forvaltinga blir derfor mellom anna selskapsstyring og miljømessige og samfunnmessige forhold som kan ha mykje å seie for fondsverdiane, vurderte.

Gjennom den ansvarlege forvaltingsverksemda blir det då arbeid med standardsetjing, eigarskap og risikohandtering.

Ansvarleg investeringsverksemd skal baserast på omsyna til god selskapsstyring, miljø og samfunnmessige forhold i forvaltinga i tråd med internasjonalt anerkjende prinsipp og standardar som FNs Global Compact, OECDs retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing og OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Som langsiktig investor har Statens pensjonsfond utland interesse av god marknadspraksis. Noregs Bank bidreg til å utvikle standardar gjennom kontakt med regulerande myndigheiter og standardsetjarar. Det blir lagt til grunn at selskapa følgjer gjeldande lover og reglar. Forventingane legg til grunn at det er styret og leiinga som har ansvaret for strategien til og drifta av eit selskap. Det blir lagt vekt på å vere i dialog med representantane for selskapet, utan ønske om å detaljstyre selskapa.

Som ein del av investeringsstrategien er fondet breitt diversifisert, med eigarskap i meir enn 9000 selskap over heile verda. Det blir fokusert på selskap der potensialet for å skape verdiar for fondet er størst. Analysane til Noregs Bank inkluderer finansielle modelar og dei økonomiske utsiktene til selskapa. Selskapsstyring og miljø- og samfunnsforhold er integrert i desse vurderingane.

Eigarskapsutøvinga skal gi grunnlag for langsiktig lønnsam forretningsverksemd og sikre investeringane til fondet. Arbeidet med selskapa er avhengig av

inngåande kunnskap om selskapa, sektorane og marknadene der fondet er investert. Stemmegiving er eit viktig verkemiddel for å utøve eigarrettar og er derfor ein prioritert aktivitet. I 2014 stemte Noregs Bank på 10 519 generalforsamlingar. I stemmegivinga kan ein mellom anna uttrykkje støtte til velfungerande styre og halde styret ansvarleg. Noregs Bank har som mål å stemme på alle generalforsamlingar. Stemmegivinga er basert på stemmeprinsippa til fondet og tek omsyn til særtrekka til enkeltelskap. Kontakt med selskap er ein naturleg del av forvaltinga. I 2014 var det 2641 selskapsmøte. Noregs Bank prioriterer dei eigarskapsaktivitetane som det er mest sannsynleg at gir positive effektar for porteføljen.

Omsyn til selskapsstyring, miljømessige og samfunnmessige forhold skal integrerast i investeringsprosessen og i risikostyring. Det kan føre til tilpassingar i porteføljen og avgjerder om nedsal eller ikkje å kjøpe enkelte verdipapir.

For å få ei betre forståing av fondets klimarisiko analyserer banken klimagassutslepp frå selskapa i aksjeporteføljen. Denne analysen gir verdifull kunnskap som kan nyttast i eigarskapsarbeidet og risikohandteringa.

Gjennom dei miljørelaterte mandata blir det investert ekstra i miljøteknologi. I tråd med mandatet frå Finansdepartementet skal desse investeringane aukast til intervallet 30–50 milliardar kroner. Porteføljen av miljørelaterte aksjeinvesteringar hadde ein samla marknadsverdi på 42 milliardar kroner, som var investert i 220 selskap ved utgangen av 2014. Samla fekk miljømandata ei avkasting på 5 prosent i 2014. På den andre sida er det òg gjort enkelte risikobaserte nedsal dei siste åra. Visse sektorar har særskilde miljø- og samfunnsutfordringar. Arbeid knytt til tropisk avskoging, gruvedrift og klimagassutslepp er vidareført. Basert på mellom anna desse analysane valde Noregs Bank i 2014 å selje seg ut av 49 enkeltelskap der uvisse knytt til berekrafta i forretningsmodellen blei vurdert som høg.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå fondet. Kriteria omfattar bestemte produkttypar og inneber at fondet ikkje skal vere investert i selskap som sjølve, eller gjennom einingar dei kontrollerer, produserer våpen som ved normal bruk bryt med grunnleggjande humanitære prinsipp, produserer tobakk eller sel våpen eller militært materiell til utvalde statar. Selskap kan òg utestengjast der det er uakseptabel risiko for åtferd som blir vurdert som grovt uetisk. Hovudstyret har vedteke at heller ikkje Noregs Bank sine valutareservar

kan plasserast i verdipapir som er utestengde frå investeringsuniverset til Statens pensjonsfond utland.

Finansdepartementet har oppretta Etikkrådet som eit uavhengig organ som skal gi råd om observasjon og utestenging av selskap frå porteføljen til fondet. Frå og med 1. januar 2015 har Noregs Bank fått i oppgåve å treffe avgjerder om observasjon eller utestenging av selskap etter tilrådingar frå Etikkrådet. Banken skal i slike saker òg vurdere om det er mogleg å bruke andre verkemiddel i eigarskapsarbeidet. Målet er å etablere ei kjede av verkemiddel i arbeidet med ansvarleg investeringsverksemd.

Noregs Bank er ein ansvarleg eigedomsinvestor. Før kvar eigedomsinvestering blir det gjort ein grundig gjennomgang, såkalla due diligence, av partane som er involverte i transaksjonen, og av sjølve eigedomsobjektet. Både finansielle, juridiske, skattemessige, strukturelle, operasjonelle, tekniske, miljømessige og forsikringsmessige aspekt inngår i denne prosessen. Det blir lagt vekt på at eigedomsinvesteringane skal følgje internasjonale standardar når det gjeld ansvarleg forvaltning og rapportering. Sidan 2011 har fondet vore med i Global Real Estate Sustainability Benchmark (GRESB). Noregs Bank bruker dette rammeverket systematisk i samarbeid med partnerar til å gradvis forbetre kvaliteten, driftseffektiviteten og miljøtilstanden på eigedommane.

ARBEIDET MED ETIKK OG FORRETNINGSÅTFERD

Die Welle 1 Frankfurt Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Frankfurt	50,00	2012
Die Welle 3 Frankfurt Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Frankfurt	50,00	2012
NKE Neues Kranzler Eck Berlin Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Berlin	50,00	2012
Tower SZ Munich GmbH & Co. KG	Hamburg	München	50,00	2013
NBIM Karl LBG1 S.C.S	Luxembourg	München	94,90	2014
NBIM Karl LBG2 S.C.S	Luxembourg	München	94,90	2014
Sveits				
NBIM Antoine CHF S.à r.l.	Luxembourg	Zürich	100,00	2012
Europa				
Prologis European Logistics Partners S.à r.l.	Luxembourg	Flere europeiske byer	50,00	2013
USA				
T-C 1101 Pennsylvania Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2013
T-C Franklin Square Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2013
T-C 33 Arch Street Venture LLC	Wilmington, DE	Boston	49,90	2013
T-C 470 Park Avenue South Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2013
T-C 475 Fifth Avenue Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2013
No. 1 Times Square Development LLC	Wilmington, DE	New York	45,00	2013
OFC Boston LLC	Wilmington, DE	Boston	47,50	2013
425 MKT LLC	Wilmington, DE	San Francisco	47,50	2013
555 12th LLC	Wilmington, DE	Washington	47,50	2013
Prologis U.S. Logistics Venture LLC	Wilmington, DE	Flere amerikanske byer	46,30	2014
OBS Boston LLC	Wilmington, DE	Boston	47,50	2014
100 Federal JV LLC	Wilmington, DE	Boston	45,00	2014
Atlantic Wharf JV LLC	Wilmington, DE	Boston	45,00	2014
BP/CGCenter MM LLC	Wilmington, DE	New York	45,00	2014
T-C 2 Herald Square Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2014
T-C 800 17th Street Venture NW LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2014
T-C Foundry Sq II Venture LLC	Wilmington, DE	San Francisco	49,90	2014
T-C Hall of States Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2014

I tillegg til enhetene vist i tabell 15.1 har Norges Bank heleide holdingselskaper som en del av eiendomsstrukturen. Disse holdingselskapene har ingen drift og eier ingen eiendommer direkte.

Holdingselskapene har forretningsadresse i samme land som eiendommen, eller i tilknytning til NBIM S.à r.l. i Luxembourg.

SPU NOTE 16 VIRKNING AV ENDRING I REGNSKAPSPRINSIPPER

Som en følge av implementeringen av IFRS 10 har det vært en endring i regnskapsprinsipper knyttet til datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av SPU. Datterselskaper som tidligere ble konsolidert, blir nå målt til virkelig verdi over resultatet og presentert på én linje i balansen som *Eiendom*. Endringen har blitt implementert med tilbakevirkende kraft. Kvantitativ informasjon presenteres bare for regnskapsåret umiddelbart før implementeringstidspunktet, det vil si regnskapsåret 2013. I tillegg spesifiseres effekten på *Eiers kapital* per 1. januar 2013.

I resultatregnskapet medfører endringen at inntekter og kostnader som tidligere ble konsolidert nå samles på linjen for *Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap fra Eiendom*. I tillegg vil valutaomregningseffekter knyttet til investeringer i

datterselskaper flyttes fra totalresultatet til *Gevinst/tap valuta* i resultatregnskapet. På tilsvarende måte vil eiendeler og gjeld som tidligere ble konsolidert, presenteres samlet i balansen på linjen *Eiendom*.

I *Eiers kapital* blir akkumulerte valutaomregningseffekter reklassifisert til opptjente resultater.

Sammenligningstall har blitt omarbeidet i henhold til overgangsreglene og virkningen presenteres i tabell 16.1–16.3. Se også note 2 *Regnskapsprinsipper*.

Tabell 16.1 viser virkning av endring i regnskapsprinsipper på resultatregnskapet. Negative fortegn betyr en reduksjon av inntekt eller økning av kostnad. Positive fortegn betyr en økning av inntekt eller reduksjon av kostnad.

Tabell 16.1 Virkning av endring av regnskapsprinsipp – resultat

	Beløp i millioner kroner		
	Rapportert	Virkning av IFRS 10	2013 Omarbeidet
RESULTATREGNSKAP			
Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap fra:			
- Finansielle eiendeler eiendom	915	- 915	-
- Investerings eiendommer	707	- 707	-
- Tilknyttede selskaper og felleskontrollerte virksomheter eiendom	1 846	- 1 846	-
- Eiendom	-	3 236	3 236
Skattekostnad	- 1 291	158	- 1 133
Andre renteinntekter og rentekostnader	2	-	2
Andre kostnader	- 100	74	- 26
Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta	691 530	-	691 530
Gevinst/tap valuta	287 771	3 657	291 428
Periodens resultat	976 412	3 657	980 069
TOTALRESULTAT			
Valutakurseffekt ved omregning av utenlandsk virksomhet som senere kan bli reklassifisert til resultatet	3 657	- 3 657	-
Totalresultat	980 069	-	980 069

Tabell 16.2 og 16.3 viser virkning av endring i regnskapsprinsipper på *Balansen* og *Oppstilling av endringer i eiers kapital*. Negative fortegn betyr en

reduksjon av eiendeler, gjeld eller eiers kapital. Positive fortegn betyr en økning av eiendeler, gjeld eller eiers kapital.

Tabell 16.2 Virkning av endring av regnskapsprinsipp – balanse

Beløp i millioner kroner

	Rapportert	Virkning av IFRS 10	31.12.2013 Omarbeidet
EIENDELER			
Sum eiendeler*	5 164 450	- 454	5 163 996
<i>Herav</i>			
<i>Innskudd i banker*</i>	4 111	- 129	3 982
<i>Finansielle eiendeler eiendom</i>	7 426	- 7 426	-
<i>Tilknyttede selskaper og felleskontrollerte virksomheter</i>	32 261	- 32 261	-
<i>Eiendom</i>	-	51 032	51 032
<i>Andre eiendeler</i>	-	3 522	3 522
<i>Andre finansielle eiendeler</i>	3 917	- 3 917	-
<i>Investerings eiendom</i>	11 267	- 11 267	-
<i>Andre ikke-finansielle eiendeler</i>	8	- 8	-
GJELD OG EIERS KAPITAL			
Sum gjeld*	129 604	- 454	129 150
<i>Herav</i>			
<i>Annen gjeld</i>	849	- 454	395
Eiers kapital	5 034 846	-	5 034 846
<i>Herav</i>			
<i>Opptjente resultater</i>	1 732 256	3 649	1 735 905
<i>Valutaomregningseffekter utenlandske datterselskaper</i>	3 649	- 3 649	-

* Fra og med 2014 anses variation margin som oppgjør for børsnoterte futures og aksjebytteavtaler. I kolonnen *Rapportert* er derfor disse instrumentene reklassifisert fra *Finansielle derivater* til *Innskudd i banker* i balansen. Endringen har ingen resultat effekt.

Tabell 16.3 Virkning av endring av regnskapsprinsipp – eiers kapital

Beløp i millioner kroner

	Rapportert	Virkning av IFRS 10	01.01.2013 Omarbeidet
Eiers kapital	3 057 740	-	3 057 740
<i>Herav</i>			
<i>Opptjente resultater</i>	755 844	- 8	755 836
<i>Valutaomregningseffekter utenlandske datterselskaper</i>	- 8	8	-

REVISORS BERETNING

Til Norges Banks representantskap

UTTALELSE OM ÅRSREGNSKAPET

Vi har revidert årsregnskapet for Norges Bank, som består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap, totalresultat, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømpoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og av en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

HOVEDSTYRET OG SENTRALBANKSJEFENS ANSVAR FOR ÅRSREGNSKAPET

Hovedstyret og sentralbanksjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Forskriften krever at Norges Banks regnskap utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, men fastsetter særskilte krav til presentasjon av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland og datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av investeringsporteføljen. Hovedstyret og sentralbanksjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll som er nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil

REVISORS OPPGAVER OG PLIKTER

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjons handlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

KONKLUSJON

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Norges Bank per 31. desember 2014 og av resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Forskriften krever at Norges Banks regnskap utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, men fastsetter særskilte krav til presentasjon av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland og datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av investeringsporteføljen.

UTTALELSE OM ØVRIGE FORHOLD

KONKLUSJON OM ÅRSBERETNINGEN OG OM REDEGJØRELSEN OM SAMFUNNSANSVAR

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene om årsregnskapet i årsberetningen, redegjørelsen om samfunnsansvar og anvendelse av totalresultat er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

KONKLUSJON OM REGISTRERING OG DOKUMENTASJON

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Oslo, 10. februar 2015
Deloitte AS

Aase Aa. Lundgaard
statsautorisert revisor

REPRESENTANTSKAPETS VEDTAK OM FASTSETTELSE AV ÅRSREGNSKAPET FOR 2014

Norges Banks representantskap fattet følgende vedtak i møte den 12. mars 2015:

- Representantskapet tar hovedstyrets årsmelding for 2014 til etterretning.
- Representantskapet tar revisors beretning til etterretning og fastsetter Norges Banks årsregnskap for 2014.
- I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på 89,2 milliarder kroner overført med 57,9 milliarder kroner til kursreguleringsfondet og 31,3 milliarder til overføringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 10,4 milliarder kroner – til statskassen.

REPRESENTANTSKAPETS UTTALELSE OM HOVEDSTYRETS PROTOKOLLER OG TILSYNET MED BANKEN

Representantskapet utarbeider i henhold til sentralbankloven en årlig rapport til Stortinget om tilsynet med Norges Bank. Rapporten for 2014 ble

vedtatt i møte den 12. mars 2015 og offentliggjøres ved oversendelse til Stortinget.





VERKSEMDA TIL
NOREGS BANK



PENGEPOLITIKK

Noregs Bank har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken. Den operative gjennomføringa av pengepolitikken skal rettast inn mot låg og stabil inflasjon, med eit operativt mål om ein årsvekst i konsumprisane nær 2,5 prosent over tid. Pengepolitikken skal òg bidra til å jamne ut svingingar i produksjon og sysselsetjing – sjå eigen boks om pengepolitikken i Noreg.

Konsumprisindeksen (KPI) auka med 2,0 prosent frå 2013 til 2014, mens KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer (KPI-JAE) steig med 2,4 prosent i den same perioden. Inflasjonen var stabil gjennom 2014. Veksten i norsk økonomi var moderat, og arbeidsløysa auka noko frå låge nivå. Kapasitetsutnyttinga minka litt og blei vurdert til å vere noko lågare enn eit normalt nivå ved utgangen av året. Utsiktene for norsk økonomi blei svakare i 2014. Prognosen for styringsrenta blei justert ned i juni og desember. På rentemøtet i desember blei styringsrenta sett ned med 0,25 prosenteningar til 1,25 prosent.

SMÅ ENDRINGAR I UTSIKTENE FRAM MOT RENTEMØTET I MARS


Tidleg i 2014 var veksten på veg opp både i USA, Storbritannia, Sverige og euroområdet. Veksten i industriland samla såg ut til å halde fram og bli noko høgare enn anslått i *Pengepolitisk rapport 4/13* frå desember 2013. I framveksande økonomiar hadde veksten minka og vore litt lågare enn venta. Veksten i konsumprisane hadde falle i mange industriland, men dei langsiktige inflasjonsforventingane såg ut til å vere godt forankra. Styringsrentene var nær null i mange land, og det var utsikter til at styringsrentene ute ville bli haldne låge lenge. Marknadsaktørane sine forventingar til styringsrentene framover hadde falle noko.

Oljeprisen hadde falle litt sidan slutten av 2013, og terminprisane indikerte ein viss nedgang framover. Det var framleis utsikter til ein oljepris på over 100 dollar per fat. Etter å ha svekt seg markert gjennom 2013, heldt krona fram med å

svekkje seg fram til februar. Deretter hadde ho styrkt seg noko


Norsk økonomi utvikla seg om lag som venta i desember 2013. Det såg framleis ut til at petroleumsinvesteringane ville halde seg på eit høgt nivå, men veksten i petroleumsinvesteringane såg ut til å kunne bli litt lågare enn venta. Også bustadinvesteringane utvikla seg noko svakare enn det som tidlegare var lagt til grunn. Arbeidsløysa hadde halde seg om lag uendra, og kapasitetsutnyttinga blei vurdert til å vere nær eit normalt nivå. Bustadprisane hadde teke seg litt opp igjen etter prisfallet hausten 2013 og var noko høgare enn venta. Gjeldsveksten til hushalda hadde minka noko, men var framleis høgare enn veksten i inntektene til hushalda. Veksten i forbruket til hushalda var moderat, og spareraten hadde auka frå eit allereie høgt nivå. Tal for årslønnsveksten i 2013 hadde komme inn høgare enn det som var lagt til grunn, og også konsumprisveksten hadde vore marginalt høgare enn anslått. Årsveksten i konsumprisindeksen justert for avgiftsendringar

FIGUR 1.1 Konsumprisar. Tolvmånadersvekst. Prosent. Januar-desember 2014



1 KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

FIGUR 1.2 Prognose for styringsrenta i ulike pengepolitiske rapportar. Prosent. 1. kv. 2008-4. kv. 2017



Kjelde: Noregs Bank

og utan energivarer (KPI-JAE) hadde stige til 2,4 prosent i januar og februar – sjå figur 1.1 – opp frå 2,0 prosent i fjerde kvartal 2013.

På rentemøtet i mars blei det lagt vekt på at veksten i norsk økonomi hadde vore om lag som anslått i *Pengepolitisk rapport 4/13*, men at utsiktene framover hadde svekt seg litt. Samtidig var det utsikter til at konsumprisveksten ville bli litt høgare enn tidlegare anslått, som følgje av svekinga av krona og noko høgare lønnsvekst enn venta. Styringsrenta blei derfor halden uendra på 1,5 prosent. Analysen i *Pengepolitisk rapport 1/14* tilsa at styringsrenta ville bli halden uendra fram mot sommaren 2015, for så å auke gradvis. Prognosen var om lag uendra frå desember 2013 – sjå figur 1.2.

UTVIKLINGA OM LAG SOM VENTA FRAM MOT RENTEMØTET I MAI

Fram mot rentemøtet i mai hadde den økonomiske utviklinga både ute og heime vore om lag som lagt til grunn i mars. Veksten hos dei viktigaste handelspartnarane våre var framleis

moderat, og det såg ut til at det kunne ta endå lengre tid før styringsrentene ute ville auke. Krona hadde styrkt seg litt, om lag som lagt til grunn i *Pengepolitisk rapport 1/14*. Bankane hadde sett ned utlåns- og innskotsrentene til publikum noko. Veksten i norsk økonomi såg ut til å utvikle seg om lag som venta, og arbeidsløysa hadde vore nokså stabil. Bustadprisane hadde stige noko meir enn det som var lagt til grunn i mars. Lønns-tillegga som var blitt forhandla fram under lønnsoppgjeret, såg ut til å vere i tråd med anslaga i rapporten frå mars. Også veksten i konsumprisane hadde vore om lag som anslått, og drivkreftene for inflasjonen framover blei vurderte til å vere lite endra.

På rentemøtet i mai blei det lagt vekt på at bankane hadde sett ned utlånsrentene, og at bustadprisane hadde auka noko meir enn venta. På den andre sida hadde dei venta styringsrentene ute falle. Elles hadde den økonomiske utviklinga både ute og heime vore om lag som lagt til grunn i mars. Det blei vedteke å halde renta uendra på 1,5 prosent, i tråd med renteprognoisen i *Pengepolitisk rapport 1/14*.

NOKO SVAKARE VEKSTUTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I JUNI

Veksten hos handelspartnarane våre heldt seg moderat fram mot sommaren. I framveksande økonomiar hadde veksten minka, mens det hadde vore teikn til ei gradvis betring i mange industriland. Utsiktene for veksten ute var lite endra frå mars. Marknadsaktørane sine forventingar til internasjonale styringsrenter hadde likevel falle ytterlegare, i hovudsak som følge av svakare inflasjonsutsikter i Europa. Den europeiske sentralbanken (ESB) hadde kutta renta med 0,10 prosenteningar til 0,15 prosent i byrjinga av juni, og det var forventingar om at styringsrenta i Sverige kunne bli kutta i juli. Oljeprisen var om lag 110 dollar fatet, rundt 5 dollar høgare enn i mars. Terminprisane indikerte likevel ein viss nedgang i oljeprisen framover.

Krona hadde styrkt seg vidare og hadde vore litt sterkare enn det som var lagt til grunn i *Pengepolitisk rapport 1/14*. Bankane hadde sett ned utlåns- og innskotsrentene til publikum, og det var utsikter til at den gjennomsnittlege utlånsrenta kunne bli litt lågare dei neste kvartala enn det som var lagt til grunn tidlegare. Utlånsrentene publikum stod overfor, var likevel framleis vesentleg høgare enn styringsrenta.

Veksten i norsk økonomi var moderat og om lag som lagd til grunn i mars. Bedriftene i det regionale nettverket vårt hadde i mai meldt at veksten hadde auka noko frå februar, særleg i eksportindustrien, heimemarknadsindustrien og varehandelen. I oljerelatert verksemd retta mot norsk sokkel hadde veksten minka. Tillitsindikatorane til hushalda hadde stige, og veksten i konsumet til hushalda såg ut til å bli høgare enn det som tidlegare var lagt til grunn. På den andre sida tydde ny informasjon, mellom anna Statistisk sentralbyrå si investeringsteljing for petroleumsinvesteringane for andre kvartal, på at veksten i petroleumsinvesteringane kunne bli betydeleg lågare enn tidlegare anteke. Anslaget for petroleumsinvesteringane for 2015 blei nedjustert frå ein oppgang på $\frac{3}{4}$ prosent til eit fall på 10 prosent. Også føretaksinvesteringane såg ut til å utvikle seg noko svakare enn venta. Den registrerte arbeidsløysa hadde stige litt, men var framleis nær eit gjennomsnitt for dei siste 15 åra. Kapasitetsutnyttinga i fastlandsøko-

nomien hadde truleg avteke, men blei framleis anslått til å vere nær eit normalt nivå.

Bustadprisveksten hadde teke seg opp og vore noko høgare enn det som var lagt til grunn i mars. Konsumprisane hadde stige noko meir enn venta. Målt ved KPI-JAE var årsveksten i konsumprisane på 2,5 prosent i gjennomsnitt i perioden frå mars til mai. Det var likevel framleis utsikter til at prisveksten ville bli gradvis lågare utover hausten.

På rentemøtet i juni blei det lagt vekt på at den økonomiske utviklinga heime og ute i hovudsak hadde vore som venta. Styringsrenta blei derfor halden uendra på 1,5 prosent. Framover var det utsikter til at veksten i norsk økonomi kunne bli noko lågare enn tidlegare anteke. Den venta renteoppgangen ute var òg utsett ytterlegare. Analysane i *Pengepolitisk rapport 2/14* tilsa derfor at styringsrenta kunne haldast låg lenger enn ein hadde trudd tidlegare. Det var utsikter til at styringsrenta ville vere om lag 1,5 prosent ut 2015, og at ho deretter kunne aukast gradvis. Det blei lagt vekt på at det, dersom utsiktene for norsk økonomi skulle bli endå svakare, kunne bli aktuelt å setje ned styringsrenta.

LITT HØGARE INFLASJON OG VEKST HEIME ENN VENTA FRAM MOT RENTEMØTET I SEPTEMBER

Gjennom sommaren og utover hausten var det teikn til framleis moderat økonomisk oppgang i industrilanda samla, men uvissa om utviklinga i Europa framover hadde auka. Veksten hadde teke seg opp i USA og Storbritannia, mens aktiviteten i euroområdet hadde stagnert i andre kvartal. Også i Sverige hadde veksten vore lågare enn venta. Samla hos Noregs handelspartnarane hadde veksten vore litt lågare enn venta, og vekstutsiktene var òg noko nedjusterte. Inflasjonen hadde vore låg i dei fleste industrilanda, spesielt i euroområdet og Sverige. Dei langsiktige inflasjonsforventingane hadde òg blitt noko lågare i euroområdet, mens dei hadde halde seg stabile i USA og Storbritannia.

Oljeprisen hadde falle frå 110 dollar per fat i juni til rett under 100 dollar per fat i september. Terminprisane heldt seg likevel oppe og indikerte ein oljepris på rundt 100 dollar per fat framover.

Langsiktige internasjonale renter hadde halde fram med å falle, truleg drive av svakare vekstutsikter, meir geopolitisk usikkerheit og forventingar om framleis svært ekspansiv pengepolitikk. Styringsrentene heldt seg nær null i mange land, og både ESB og Sveriges Riksbank hadde kutta renta sidan juni. ESB hadde òg varsla at det ville komme fleire pengepolitiske tiltak. Forventingane til marknadsaktørane tilsa at renteoppgangen ute nok ein gong var utsett.

Krona hadde svekt seg markert etter at den pengepolitiske rapporten blei lagd fram i juni, men styrkte seg noko etter sommaren. Utover i september svekte krona seg igjen og var svakare enn det som var lagt til grunn i juni. Bankane sine utlånsrenter til publikum hadde som venta falle noko.

Veksten i norsk økonomi hadde vore høgare enn venta i andre kvartal, men mykje av oppgangen såg ut til å skrive seg frå mellombelse forhold, som særleg høg produksjon av elektrisk kraft og fisk. Bedriftene i regionalt nettverk melde i august om framleis moderat vekst i produksjonen. Den registrerte arbeidsløysa hadde halde seg relativt stabil og var litt lågare enn anslått i juni. Kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi blei framleis vurdert til å vere nær eit normalt nivå og hadde truleg minka litt mindre enn tidlegare berekna. Bustadprisane hadde halde fram med å stige om lag som venta. Gjeldsveksten til hushalda hadde gått noko meir ned enn det som var lagt til grunn i den førre rapporten.

Konsumprisveksten heldt seg høgare enn venta gjennom sommaren. Årsveksten i KPI-JAE var 2,4 prosent i gjennomsnitt i tremånadersperioden frå juni til august. Det var hovudsakleg prisveksten på norskproduserte varer og tenester som hadde vore høgare enn berekna. Statistisk sentralbyrå si metodeendring for å måle prisane på matvarer og alkoholfrie drikkevarer og husleige kunne ha endra sesongmønsteret i KPI-JAE og gitt høgare målt prisvekst.

På rentemøtet i september blei det lagt vekt på at utsiktene for norsk økonomi var lite endra sidan juni. Prisveksten hadde likevel komme inn litt høgare enn berekna, og kapasitetsutnyttinga blei vurdert til å ha minka litt mindre enn venta. Det blei òg peikt på at den venta renteoppgangen ute var utsett, samtidig som krona hadde vore svakare enn berekna. Renta blei halden uendra på

1,5 prosent. Prognosen for styringsrenta i *Pengepolitisk rapport 3/14* tilsa at styringsrenta ville bli liggjande på same nivå ut 2015, og at ho deretter gradvis ville bli auka.

FALLANDE OLJEPRIS OG AUKA UVISSE FRAM MOT RENTEMØTET I OKTOBER

Fram mot rentemøtet i oktober fall oljeprisen vidare til rundt 85 dollar per fat. Oljeprisen hadde då komme ned på eit nivå som ifølgje tidlegare undersøkingar i det regionale nettverket vårt kunne få relativt store verknader på norsk økonomi. Krona hadde svekt seg vidare og var svakare enn det som var lagt til grunn i *Pengepolitisk rapport 3/14*. Kronesvekkinga kunne ha samanheng med oljeprisfallet. Bankane hadde sett ned renta på bustadlån.

Norsk økonomi såg ut til å ha utvikla seg i tråd med anslaga i den førre rapporten. Den registrerte arbeidsløysa heldt seg stabil. Bustadprisane hadde stige litt meir enn det som var lagt til grunn, mens gjeldsveksten til hushalda hadde vore om lag som anslått. I nasjonalbudsjettet for 2015 blei det lagt opp til ein auke i det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskotet frå 2014 til 2015 som var noko høgare enn det som var lagt til grunn i september. Konsumprisveksten hadde vore litt lågare enn anslått.

Veksten hos handelspartnarane våre var om lag som anslått, men utsiktene framover hadde svekt seg noko. Usikkerheita om utviklinga framover hadde auka, særleg i euroområdet. Den venta oppgangen i styringsrentene ute var igjen blitt utsett.

På rentemøtet i oktober blei det lagt vekt på at ny informasjon samla tydde på at inflasjonen og veksten i norsk økonomi utvikla seg om lag som anslått i september. Vekstutsiktene ute var noko svekte, og den venta renteoppgangen ute var igjen blitt utsett. På den andre sida hadde krona svekt seg og bankane sett ned renta på bustadlån. Styringsrenta blei derfor halden uendra på 1,5 prosent, i tråd med prognosen frå september. Det blei samtidig peikt på at utviklinga ute og fallet i oljeprisen hadde auka usikkerheita om utsiktene for norsk økonomi.



KRAFTIG FALL I OLJEPRISEN OG SVEKTE VEKSTUTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I DESEMBER

Fram mot rentemøtet i desember hadde oljeprisen falle markert, og i byrjinga av desember var han på rundt 70 dollar per fat. Det var om lag 35 prosent lågare enn gjennomsnittet for første halvår i fjor. Også terminprisane hadde falle ein god del. Inflasjonen var låg i dei fleste industri-landa, og fallet i oljeprisen hadde bidrege til å trekkje ned inflasjonsanslaga for 2014 og 2015. Vekstutsiktene for handelspartnarane våre såg ut til å vere lite endra, men uvissa om utviklinga framover var framleis stor. Styringsrentene var framleis nær null hos fleire av handelspartnarane våre, og i Sverige hadde Riksbanken sett ned styringsrenta til 0 prosent i oktober. Forventningane til marknadsaktørane tilsa at renteoppgangen ute igjen var blitt utsett.

Krona hadde svekt seg markert og var i byrjinga av desember meir enn 7 prosent svakare enn då rapporten blei publisert i september. Svekinga kunne sjåast i samanheng med fallet i oljeprisen. Det kunne sjå ut til at marknadsaktørane var blitt meir usikre på vekstutsiktene for norsk økonomi etter at oljeprisen hadde falle markert.

Norsk økonomi hadde så langt utvikla seg om lag i tråd med anslaga i *Pengepolitisk rapport 3/14*, men vekstutsiktene var svekte. Aktiviteten i oljeleverandørnæringa minka, og det kraftige fallet i oljeprisen ville truleg forsterke denne utviklinga framover. Det ville kunne gi ringverknader for resten av økonomien. Konsumet til hushalda hadde vore lågare enn venta, og tillitsindikatorane til hushalda hadde falle. Veksten i sysselsetjinga hadde så langt halde seg oppe, men utsiktene framover var svakare. Kapasitetsutnyttinga i fastlandsøkonomien hadde truleg minka om lag som venta.

Utlånsrentene til bankane var litt lågare enn det som var lagt til grunn i september. Bustadprisane hadde halde fram med å stige gjennom hausten og var høgare enn tidlegare anslått. Gjeldsveksten til hushalda heldt seg stabil. Konsumprisveksten hadde vore på linje med anslaga i september. Årsveksten i KPI-JAE var på 2,5 prosent i oktober.

Ved rentemøtet i desember blei det lagt vekt på at utsiktene for norsk økonomi hadde svekt seg sidan september. Aktiviteten i petroleumsnæringa såg ut til å bli lågare enn det som tidlegare var lagt til grunn. Veksten i privat konsum og føretaksinvesteringane såg òg ut til å bli lågare enn venta. Samtidig ville kronesvekinga bidra til å halde inflasjonen oppe og til å dempe verknadene på norsk økonomi av ein lågare oljepris. Omsynet til ei stabil utvikling i inflasjon og produksjon tilsa ei lågare styringsrente. Ei lågare rente kunne isolert sett bidra til at bustadprisar og gjeld heldt fram med å vekse raskare enn inntektene til hushalda. På den andre sida hadde oljeprisen falle mykje, og utsiktene for norsk økonomi var svekte. Det blei lagt vekt på å motverke faren for ein markert nedgang i norsk økonomi. Styringsrenta blei sett ned med 0,25 prosentteiningar til 1,25 prosent.

Analysen i *Pengepolitisk rapport 4/14* tilsa ei styringsrente på 1¼ prosent eller noko lågare fram mot slutten av 2016. Med ei slik utvikling i styringsrenta tilsa analysen at prisveksten vil ligge nær 2,5 prosent dei neste åra. Kapasitetsutnyttinga i fastlandsøkonomien ville først gå noko tilbake, men deretter auke igjen mot slutten av anslagsperioden.

PENGEPOLITIKKEN I NOREG

Det er Noregs Bank som utøver pengepolitikken i Noreg. Verksemda til banken er regulert i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) frå 1985. I medhald av paragrafane 19 og 20 fastset Noregs Bank rentesatsane på bankane sine innskot og lån i sentralbanken.

Mandatet for pengepolitikken blei fastsett av regjeringa i 2001. I paragraf 1 i forskrifta heiter det:

Pengepolitikken skal sikte mot stabilitet i den norske kronas nasjonale og internasjonale verdi, herunder også bidra til stabile forventninger om valutakursutviklingen. Pengepolitikken skal samtidig understøtte finans-


politikken ved å bidra til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing.

Noregs Bank står for den operative gjennomføringa av pengepolitikken.

Noregs Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med første ledd rettast inn mot låg og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken skal vere ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent.

Det skal i utgangspunktet ikkje takast omsyn til direkte effektar på konsumprisane som skriv seg frå endringar i rentenivået, skattar, avgifter og særskilde mellombelse forstyrningar.


FIGUR 1.3 Inflasjon. Glidande tiårs gjennomsnitt¹ og variasjon² i KPI. Prosent. 1982–2014



- 1 Det glidande gjennomsnittet er utrekna over ein tiårsperiode.
- 2 Bandet rundt KPI er variasjonen i KPI i snittperioden, målt ved +/- eitt standardavvik.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

FIGUR 1.4 Anslag på produksjonsgap¹. Nivå og variasjon². Prosent. 1982–2014



- 1 Produksjonsgapet måler forskjellen mellom BNP og anslått potensielt BNP for Fastlands-Noreg.
- 2 Bandet viser variasjonen i produksjonsgapet målt ved +/- eitt standardavvik. Standardavvika er utrekna over ein tiårsperiode.

Kjelde: Noregs Bank

Verkemiddelet i pengepolitikken er styringsrenta, som er renta på bankane sine normale innskot over natta i Noregs Bank. Styringsrenta påverkar dei heilt kortsiktige pengemarknadsrentene, og forventingane til den framtidige utviklinga i styringsrenta er avgjerande for nivået på marknadsrentene med lengre løpetider.

Marknadsrentene verkar inn på kronekursen, prisane på verdipapir, bustadprisane og etterspurnaden etter lån, konsum og investeringar. Styringsrenta frå Noregs Bank kan òg påverke forventingane til framtidig inflasjon og den økonomiske utviklinga. Gjennom alle desse kanalane verkar renta inn på dei samla etterspurnads- og produksjonsforholda og på prisar og lønningar.

Vedtak om endringar i styringsrenta blir vanlegvis gjort i dei annonserte rentemøta i hovudstyret. I 2014 var det seks rentemøte i hovudstyret. *Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet*, blei publisert fire gonger samtidig med renteavgjerda. Med utgangspunkt i analysen i rapporten vedtok hovudstyret den pengepolitiske strategien med eit intervall for styringsrenta for perioden fram til neste rapport. I rapporten blir òg anslag for styringsrenta for dei neste åra publiserte, sjå òg eigne utdjupingar om kriterium for ein god rentebane og om endring i renteprognosen gjennom 2014.

Noregs Banks kommunikasjon om pengepolitikken er i første rekkje retta mot å stabilisere inflasjonsforventingane ved å forklare og grunngi rentesetjinga. Offentleggjinga av renteprognosen til banken og den pengepolitiske strategien kan gjere det lettare for andre å føresjå og etterprøve pengepolitikken. Når aktørane forstår handlingsmønsteret til sentralbanken, dannar det grunnlag for at marknadsrentene reagerer stabiliserande på ny informasjon om den økonomiske utviklinga.

Tillit til at inflasjonsmålet blir nådd, er ein føresetnad for at pengepolitikken òg kan medverke til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. Inflasjonen vil

ikkje vere lik målet til kvar tid, men med tillit til pengepolitikken vil den forventa prisveksten på lengre sikt vere nær inflasjonsmålet. Det er i seg sjølv med på å stabilisere inflasjonen.

Erfaringane med fleksibel inflasjonsstyring i Noreg har vore gode. Figur 1.3 viser ti års glidande gjennomsnitt for årsveksten i konsumprisindeksen (KPI). Dei siste ti åra har inflasjonen i gjennomsnitt vore noko under, men nær 2,5 prosent – sjå den blå linja. Avviket frå inflasjonsmålet kan mellom anna sjåast i samanheng med fleire gunstige trekk på tilbodssida av økonomien, som god vekst i produktiviteten, høg arbeidsinnvandring og låg prisvekst på importerte konsumvarer. Det grå bandet i figuren viser variasjonen i årsveksten i inflasjonen. I eit lengre tidsperspektiv har variasjonen falle.

Med eit fleksibelt inflasjonsmål legg pengepolitikken òg vekt på å bidra til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. Figur 1.4 viser utviklinga i produksjonsgapet sidan 1982, der produksjonsgapet er målt som avviket mellom faktisk nivå og berekna normalnivå for BNP i Fastlands-Noreg. Svingingane i økonomien målte på denne måten er reduserte over tid. I kjølvatnet av finanskrisa minka veksten i norsk økonomi, men han har sidan vore nær eit normalt nivå. Arbeidsløysa har halde seg låg det siste tiåret.

KRITERIUM FOR EIN GOD RENTEBA NE

Noregs Bank legg til grunn at inflasjonsstyringa skal vere fleksibel, slik at det blir lagt vekt på å jamne ut svingingar både i inflasjon og i produksjon og sysselsetjing når renta blir sett. Den fleksible inflasjonsstyringa byggjer bru mellom den langsiktige oppgåva for pengepolitikken, som er å halde inflasjonen låg og forankre inflasjonsforventingane, og omsynet til utjamning av utviklinga i produksjonen.

For utviklinga i produksjon, sysselsetjing, inntekt og inflasjon spelar forventingar til framtidige renter ei viktig rolle. Gjennom renteprognosane sine påverkar Noregs Bank renteforventingane til marknadsaktørane, bedriftene og hushalda. Prognosane for styringsrenta bør oppfylle desse kriteria:

1. Inflasjonen når målet

Renta bør setjast slik at inflasjonen stabiliserer seg på målet eller kjem tilbake på målet etter at det har oppstått avvik.

2. Inflasjonsstyringa er fleksibel

Rentebanen bør gi ei rimeleg avveging mellom forløpet for inflasjonen og forløpet for den samla kapasitetsutnyttinga i økonomien.


3. Pengepolitikken er robust

Renta bør setjast slik at pengepolitikken dempar faren for at finansielle ubalansar byggjer seg opp i økonomien, og slik at ei akseptabel utvikling i inflasjon og produksjon er sannsynleg også med alternative føresetnader om korleis økonomien verkar.

Prognosen for renta er eit uttrykk for bankens samla skjønn og vurdering basert på kriteria ovanfor. Renta kan ikkje alltid oppfylle alle kriteria samtidig, og rentesetjinga må vere slik at ubalansane blir vegne opp mot kvarandre.


Prognosar for renta og andre økonomiske storleikar er grunnlagde på ufullstendig informasjon om den økonomiske situasjonen og om korleis økonomien verkar. Dersom økonomien utviklar seg annleis enn føreset, eller dersom sentralbanken endrar oppfatning av korleis økonomien verkar, kan utviklinga i renta og andre storleikar avvike frå prognosane. I *Pengepolitisk rapport* gjer banken greie for om renteprognosen har endra seg, og eventuelt kva for faktorar som ligg bak endringa. Årsmeldinga oppsummerer etterprøvinga i dei enkelte rapportane gjennom året.

FIGUR 1.5 Anslag på styringsrenta i referansebanen i Pengepolitisk rapport 4/14 med sannsynlighetsfordeling. Prosent. 1. kv. 2008–4. kv. 2017¹



¹ Anslag for 4. kv. 2014–4. kv. 2017 (stipla)
Kjelde: Noregs Bank

FIGUR 1.6 Inflasjon og produksjonsgap i referansebanen i Pengepolitisk rapport 4/14. Prosent. 1. kv. 2008–4. kv. 2017



¹ KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer
Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

ENDRING I RENTEPROGNOSEN GJENNOM 2014

Gjennom 2014 blei renteprognozen for åra framover nedjustert – sjå figur 1.2. Figur 1.7 viser endringane i prognosen for styringsrenta frå utgangen av 2013 (*Pengepolitisk rapport 4/13*) til utgangen av 2014 (*Pengepolitisk rapport 4/14*). Den samla endringa i renteprognozen er vist i den svarte linja, mens søylene gir en berekningsteknisk illustrasjon på korleis ulike faktorar isolert sett bidrog til endringar i prognosen.

Samanlikna med prognosen i *Pengepolitisk rapport 4/13* var anslaget på styringsrenta i 2015 og 2016 høvesvis ½ og 1 prosentteining lågare i *Pengepolitisk rapport 4/14*. Svakare vekstutsikter heime og lågare renter ute var enkeltfaktorane som bidrog mest til nedjusteringa av renteprognozen, mens svekkinga av krona og lågare utlånsmarginar frå bankane bidrog i motsett retning.

Styringsrentene var nær null hos fleire av handelspartnarane våre i fjor. Både ESB og Sveriges Riksbank sette ned renta i løpet av året. Marknadsaktørane sine forventningar til handelspartnarane si styringsrente framover, spesielt i euroområdet og Sverige, blei betydeleg nedjustert gjennom året. Lågare renter ute trekte i retning av at også renta her heime blei halden nede i ein lengre periode – sjå dei grønne søylene. Noko svakare vekstutsikter ute bidrog òg til at renteprognozen blei nedjustert her heime gjennom fjoråret – sjå dei blå søylene.

Vekstutsiktene for norsk økonomi svekte seg gjennom 2014, spesielt mot slutten av året, då oljeprisen fall markert. Aktiviteten i petroleumsnæringa her heime såg ut til å avta meir enn venta, og også utsiktene for eksporten frå oljeleverandørindustrien blei nedjusterte. Sysselsetjingsveksten ville truleg gå ned, og arbeidsløysa var venta å auke. Forbruket til hushalda og investeringane til bedriftene kunne òg dempast av auka uvisse om den økonomiske utviklinga. Utsikter til lågare etterspurnad bidrog til å trekkje renteprognozen markert ned gjennom fjoråret – sjå dei mørkeblå søylene. For å dempe usikkerheita og motverke faren for ein markert nedgang i norsk økonomi blei rentenedgangen framskynda noko – sjå dei lyseblå søylene.


Anslaga for lønnsveksten dei neste åra blei justerte ned i *Pengepolitisk rapport 4/14* og bidrog til ei nedjustering av renteprognozen. På den andre sida steig konsumprisane justert for avgiftsendingar og utan rentegivarer noko meir enn venta i fjor. Det bidrog isolert

sett til at rentebanen blei litt oppjustert. Samla bidrog utviklinga i prisar og kostnader til ei lita nedjustering av renteprognozen gjennom fjoråret – sjå dei lilla søylene.

Fallet i oljeprisen bidrog til at krona blei betydeleg svakare enn det som var lagt til grunn, spesielt mot slutten av året. Ei svakare krone bidreg isolert sett til høgare prisvekst og til å dempe verknadene på norsk økonomi av ein lågare oljepris. Kronesvekkinga trekte derfor i retning av ei høgare styringsrente – sjå dei oransje søylene.

Gjennom fjoråret sette bankane ned utlånsrentene til publikum. Samtidig var det utsikter til at utlånsmarginane til bankane, definert som forskjellen mellom utlånsrenta og pengemarknadsrenta, ville halde seg litt lågare enn tidlegare venta. Lågare utlånsmarginar bidrog isolert sett til ei lita oppjustering av renteprognozen – sjå dei raude søylene.

FIGUR 1.7 Endring i prognosen for styringsrenta frå *Pengepolitisk rapport 4/13* til *Pengepolitisk rapport 4/14*. Prosentteiningar. 1. kv. 2015–4. kv. 2016



Kjelde: Noregs Bank



KAPITTEL 2

FINANSIELL STABILITET

Finansiell stabilitet er eit av hovudmåla til Noregs Bank i arbeidet med å tryggje økonomisk stabilitet. Noregs Bank har eit særleg ansvar for å bidra til robuste og effektive finansmarknader og betalingssystem. Eit stabilt finansielt system er òg viktig for å sikre finansiering og risikofordeling i samfunnet.

Norske bankar hadde god tilgang til og gunstige vilkår på marknadsfinansiering i 2014. Høg lønnsemd gjorde bankane i stand til å auke kapitaldekninga ved å halde tilbake overskot. Alle norske bankar oppfylte kravet til rein kjernekapitaldekning på 10 prosent, som gjaldt frå 1. juli 2014, med god margin. Nye krav til likviditet er i ferd med å bli innførte i EU og Noreg. Meir kapital og likviditet vil gjere norske bankar meir robuste. Bankane skal halde ein motsyklisk kapitalbuffer på 1 prosent frå 30. juni 2015. Bufferkravet blei halden uendra gjennom 2014, i tråd med råd frå Noregs Bank.

GOD INNTENING OG AUKA KAPITALDEKNING


Risikopåslaga for marknadsfinansieringa til bankane har falle i fleire år både ute og heime. Tidleg i 2014 auka risikopåslaga for europeiske bankar noko, mellom anna som følgje av meir uvisse rundt situasjonen i Ukraina. Gjennom våren og fram mot sommaren fall risikopåslaga igjen. I juni kutta Den europeiske sentralbanken (ESB) styringsrenta og varsla fleire pengepolitiske tiltak. Tiltaka omfatta mellom anna kjøp av sikra obligasjonar frå europeiske bankar. Sjølv om norske obligasjonar ikkje er omfatta av tiltaka, fall risikopåslaga også på norske obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Fallande oljepris, auka geopolitisk uro og uvisse rundt globale vekstutsikter gav noko auka risikopåslag på obligasjonar frå høgrisikoføretak og ansvarlege lån i bankane i andre halvdel av 2014. Bankane i Noregs Banks likviditetsundersøking melde òg om litt forverra finansieringsvilkår mot slutten av året.

Bankane hadde god inntening og eigenkapitalavkastning i 2014. Tapa var låge. Lågare finansieringskostnader bidrog til at bankane reduserte utlåns- og innskotsrentene i løpet av året. Forskjellen mellom utlånsrentene og pengemarknadsrentene avtok òg noko gjennom året, etter å ha auka åra før.

God lønnsemd over fleire år har gjort bankane i stand til å tilfredsstille auka kapitalkrav ved å halde tilbake overskot. Bankane heldt fram med å auke kapitaldekninga i 2014. Ved utgangen av 2014 såg det ut til at dei fleste bankane ville ha ei rein kjernekapitaldekning på over 12 prosent, som er godt over kravet på minst 10 prosent som gjaldt frå 1. juli 2014. Rein kjernekapital som del av forvaltningkapital er høgare i norske bankar enn i mange andre land, men ikkje høgare enn i slutten av 1990-åra.

EUs kapitaldekningsregelverk (CRD IV/CRR) tok til å gjelde 1. januar 2014. Kapital- og bufferkrava i regelverket tok til å gjelde i Noreg 1. juli 2013. Heile regelverket vil etter kvart gjelde i Noreg òg gjennom EØS-avtalen.

FIGUR 2.1 Opptopping av krav til rein kjernekapitaldekning i nytt regelverk. Prosent. 1. juli 2013-1. juli 2016



Kjelder: Finansdepartementet og Noregs Bank

Det kom fleire avklaringar rundt kapitaldekningsregelverket for norske bankar i 2014. Finansdepartementet utpeikte i mai DNB ASA, Nordea Bank Norge ASA og Kommunalbanken AS som systemviktige. Dei får eit tilleggskrav til rein kjernekapitaldekning på 1 prosent frå 1. juli 2015 og 2 prosent frå 1. juli 2016. For systemviktige bankar blir det samla kravet til rein kjernekapitaldekning 13 prosent frå 1. juli 2016, inkludert ein motsyklisk kapitalbuffer på 1 prosent – sjå figur 2.1.

Det har komme nye reglar for å berekne risikovekter på bustadlån. Ifølgje Finanstilsynet vil risikovektene på bustadlånporteføljane for bankar som nyttar interne modellar (IRB), stige frå 10–15 prosent ved utgangen av 2013 til 20–25 prosent. Det er i tråd med berekningane til Noregs Bank av kva risikovektene på bustadlån bør vere. Endringane vil bli reflekterte i bankane si rapporterte kapitaldekning frå første kvartal 2015.

I *Finansiell stabilitet 2014* blei det gjennomført ein stresstest av dei største norske bankane. Testen viste at norske bankar kan få store utlånstap ved eit kraftig tilbakeslag i norsk økonomi. Åtferda til bankane kan forsterke nedgangen. Stresstesten viste at kapitalbufferar kan

føre til mindre behov for innstramming og dempe tilbakeslaget.

På 2000-talet auka gjelda i norske hushald betydeleg. Gjelda har auka kraftig i alle aldersgrupper. Formuen til hushalda er dominert av bustad og er sårbar dersom bustadprisane fell. Tap i bankane på lån til hushalda har historisk sett vore svært låge. Analysane i *Finansiell stabilitet 2014* tyder på at risikoen for ein stor auke i mishald i hushalda er moderat, sjølv ved store forstyringar. Inntektsbortfall, renteauke og fall i bustadprisar kan gi innstramming i hushalda sitt forbruk. Ein brå nedgang i hushalda sin etterspurnad etter varer og tenester kan auke bankane sine tap på utlån til næringslivet.

NYE KRAV TIL LIKVIDITET

Ei av hovudoppgåvene til bankane er å gjere om innskot med kort bindingstid til utlån med lengre løpetider. Løpetidstransformasjonen inneber likviditetsrisiko for bankane. Bankane må erstatte innskot som blir trekte ut, og fornye finansiering som forfell, før utlåna blir tilbakebetalte. Problem med refinansiering i éin bank kan smitte til andre bankar og føre til uro i det finansielle systemet. Det blei tydeleg i 2008. Bankane har forbetra finansieringsstrukturen og redusert likviditetsrisikoen etter finanskrisa, men løpetida på finansieringa fall noko i 2014.

Norske bankar har ein betydeleg del kortsiktig marknadsfinansiering i utanlandsk valuta. Finansieringa i dollar kjem i stor grad frå amerikanske pengemarknadsfond. Høg konsentrasjon bidreg til å auke risikoen i samband med refinansiering. Noregs Bank tilrødde i *Finansiell stabilitet 2014* at bankane burde offentleggjere meir informasjon om finansieringsstrukturen og likviditeten sin.

Nye internasjonale krav til likviditet og finansiering i bankane vil bli innført dei nærmaste åra. Kravet til likviditetsdekning, Liquidity Coverage Ratio (LCR), skal fasast inn i EU frå 2015, mens kravet til stabil finansiering, Net Stable Funding Ratio (NSFR), er venta å bli innført innan 2018. Finanstilsynet skal innan juni 2015 leggje fram forslag til korleis LCR skal innførast i Noreg.

Ved å halde likviditetsreservar blir bankane betre i stand til å takle periodar med uro i mark-

nadene. Kravet til likviditetsdekning er at bankane skal kunne dekkje netto utbetalingar samla i kroner og valuta i ein periode på 30 dagar.

Noregs Bank meiner at det i praksis ikkje er nok tilgjengelege høgt likvide kroneeigedelar til at bankane kan oppfylle LCR fullt ut i norske kroner. Eit høgt krav i norske kroner vil truleg føre til ein større prosentdel OMF i likviditetsreservane til bankane og auke faren for at finansieringsproblem spreier seg i det finansielle systemet. Noregs Bank tilrådde derfor i *Finansiell stabilitet 2014* at kravet til LCR i norske kroner bør setjast til 60 prosent.¹ Det resterande likviditetsbehovet for å oppfylle eit samla LCR-krav kan dekkjast gjennom å halde høgt likvide eigedelar i utanlandsk valuta.

Noregs Bank har avgrensa høve til å støtte bankane med likviditet i utanlandsk valuta. Det er derfor spesielt viktig at bankar held likvide eigedelar i utanlandske valutaer der dei har likviditetsbehov. Noregs Bank tilrådde derfor at bankar med signifikant likviditetsrisiko i utanlandske valutaer i tillegg til å oppfylle LCR samla for alle valutaer bør bli pålagde å oppfylle LCR fullt ut i kvar av desse valutaene.

Det foreslåtte kravet til stabil finansiering (NSFR) krev at bankane finansierer lite likvide eigedelar med stabil finansiering. Utlån til kundar og pantsatte eigedelar er døme på lite likvide eigedelar. Stabil finansiering vil mellom anna vere kjernekapital, obligasjonsfinansiering med attverande løpetid over eitt år og fleire typar kundeinnskot. Det ligg føre endelege retningslinjer frå Baselkomiteen², men spesifiseringa av kravet i EU er ikkje ferdig. Målt med NSFR har likviditetsrisikoen til norske bankar falle noko dei siste åra, men det er framleis eit stykke igjen til at lite likvide eigedelar blir finansierte fullt ut med stabil finansiering.

RÅD OM MOTSYKLISK KAPITALBUFFER

I tråd med forskrifta frå 4. oktober 2013 har Noregs Bank utarbeidd avgjerdsgrunnlag og gitt Finansdepartementet kvartalsvise råd om nivået

1 Ved tidspunktet for full implementering.

2 Baselkomiteen for banktilsyn (BCBS) er eit internasjonalt organ for sentralbankar og tilsynsmyndigheiter som er knytta til Den internasjonale oppgjørsbanken (BIS).

på den motsykliske kapitalbufferen i bankane. Avgjerdsgrunnlaget er lagt fram i *Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet*. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen blei i desember 2013 fastsett til 1 prosent med verknad frå 30. juni 2015.

Utgangspunktet for vurderinga til Noregs Bank er at bankane bør byggje opp og halde ein mot-syklisk kapitalbuffer når finansielle ubalansar byggjer seg opp eller har bygd seg opp.


Noregs Bank si vurdering av finansielle ubalansar tek utgangspunkt i forholdet mellom kreditt og BNP og korleis det avvik frå ein langsiktig trend. I tillegg blir utviklinga i bustadprisane, prisane på næringseigedom og kor stor prosentdel av finansieringa bankane hentar i finansmarknadene, analysert. Dei fire indikatorane steig kraftig i åra før finanskrisa.

Frå midten av 1990-åra til 2008 voks den samla gjelda til hushald og føretak i fastlandsøkonomien markert raskare enn verdiskapinga, sjå figur 2.2 (Kredittindikator). Kredittveksten minka etter finanskrisa, og kredittindikatoren har vore nokså stabil dei siste åra. I 2014 steig gjelda til hushalda framleis noko raskare enn inntektene, og det var teikn til at bankane letta litt på kredittpraksisen overfor hushalda. Gjeldsveksten til føretaka minka gjennom 2014 og var meir moderat. Bustadprisane og omsetjinga i bustadmarknaden tok seg opp gjennom 2014, etter ein nedgang året før. Bustadprisindikatoren var i tredje kvartal 2014 lågare enn same tid året før, sjå figur 2.3. Indikatoren for prisane på næringseigedom har svinga ein del dei siste åra og auka gjennom 2014, sjå figur 2.4. Prosentdelen marknadsfinansiering i bankane har vore nokså stabil, sjå figur 2.5.

Basert på utviklinga i kreditt- og eigeomsprisar var vurderinga til hovudstyret at dei finansielle ubalansane ikkje bygde seg vidare opp i 2014. På grunnlag av råd frå Noregs Bank heldt Finansdepartementet kravet til motsyklisk kapitalbuffer i bankane uendra på 1 prosent i 2014.

Bustadprisveksten var sterk gjennom hausten. Vurderinga til hovudstyret var at dersom bustadprisane heldt fram med å stige markert raskare enn inntektene til hushalda, slik at dei finansielle ubalansane auka, ville det bli aktuelt å gi råd om ein høgare motsyklisk kapitalbuffer.


FIGUR 2.2 Samla kreditt¹ for Fastlands-Noreg som prosentdel av BNP for Fastlands-Noreg. 1. kv. 1976–3. kv. 2014



1 Summen av K2 hushald og K3 ikkje-finansielle føretak i Fastlands-Noreg (samla økonomi før 1995)

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, IMF og Noregs Bank

FIGUR 2.3 Bustadprisar¹ i forhold til disponibel inntekt². Indeks. 4. kv. 1998 = 100. 1. kv. 1979–3. kv. 2014




1 Kvartalstal fram til 1990 er berekna med lineær interpolering av årstal

2 Korrigert for anslått reinvestert aksjeutbytte for 2000–2005 og innløyning/nedsetjing av eigenkapital for 1. kv. 2006–3. kv. 2012

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Norges Eiendomsmeglerforbund (NEF), Eiendomsmeglerforetakenes forening (EFF), Finn.no, Eiendomsverdi og Noregs Bank


FIGUR 2.4 Realprisar på næringsseigedom¹. Indeks. 1998 = 100. 2. kv. 1981–3. kv. 2014



1 Berekna salsprisar på kontorlokale i Oslo deflatert med BNP-deflatoren for Fastlands-Noreg

Kjelder: Dagens Næringsliv, OPAK, Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

FIGUR 2.5 Bankane¹ sin marknadsfinansieringsdel.² Prosent. 1. kv. 1976–3. kv. 2014



1 Alle bankar og OMF-kredittføretak i Noreg med unntak av filialar og dotterbankar av utanlandske bankar i Noreg

2 Kvartalstal fram til 1989 er berekna med lineær interpolering av årstal


Kjelde: Noregs Bank

BEREKNA REFERANSEVERDI FOR DEN MOTSYKLISKE KAPITALBUFFEREN

Det europeiske systemrisikorådet (ESRB) tilrår at det blir berekna tekniske referanseverdier for den motsykliske kapitalbufferen. Baselkomiteen har foreslått ein enkel regel for å berekne ein referanseverdi for bufferen som tek utgangspunkt i kredittindikatoren i forhold til ein langsiktig trend. Referanseverdien tek verdien 0 når kredittgapet er under 2 prosent, og verdien 2,5 når kredittgapet er høgare enn 10 prosent. For storleikar på kredittgapet mellom desse to nivåa er det ein lineær samanheng mellom referanseverdien og gapet. Den langsiktige trenden i kredittindikatoren kan bereknast på ulike måtar.¹ Med trendberekninga til Baselkomiteen var referanseverdien 0 prosent i tredje kvartal 2014. Med ei alternativ trendberekning, som erfaringsmessig gir ein betre leiande indikator for kriser, blei referanseverdien for bufferen ½ prosent, sjå figur 2.6.

¹ For ei nærmare utgreiing av berekning av trendar, sjå *Staff Memo 13/2013*

FIGUR 2.6 Referanseverdier for den motsykliske kapitalbufferen ved ulike trendberekningar. Prosent. 1. kv. 1983–3. kv. 2014



Kjelder: Statistisk sentralbyrå, IMF og Noregs Bank

NOREGS BANK SINE OPPGÅVER MED FINANSIELL STABILITET

Finansiell stabilitet er eit av hovudmåla for Noregs Bank, og det er forankra i sentralbanklova. Paragraf 1 seier at banken skal utferde setlar og myntar, fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og overvake penge-, kreditt og valutamarknadene. Paragraf 3 seier at banken skal varsle departementet når det etter banken si oppfatning er behov for tiltak av penge-, kreditt- og valutapolitisk karakter frå andre enn banken. Paragrafen seier òg at banken skal informere offentlegheita om penge-, kreditt- og valutatilhøva. Fire andre paragrafar i sentralbanklova er òg relevante: Paragraf 13 gir Noregs Bank eineretten til å utferde norske setlar og myntar. Etter paragraf 17 skal Noregs Bank utføre bankforretningar for staten. Paragraf 19 gir Noregs Bank høve til å yte lån til og gjere innskot i forretnings- og sparebankar, mens paragraf 20 fastset at

Noregs Bank tek imot innskot frå bankane. Av det følgjer eit særleg ansvar for at bankvesenet fungerer som det skal. Lova om betalingssystem gir Noregs Bank ansvaret for å gi konsesjon til avreknings- og oppgjerssystema for bankane og for å føre tilsyn med systema.

Ifølgje forskrift om motsyklisk kapitalbuffer skal Noregs Bank kvart kvartal utarbeide eit grunnlag for avgjerda om nivået på den motsykliske kapitalbufferen og gi råd om nivået.

Noregs Bank styrer likviditeten i banksektoren frå dag til dag ved å tilby bankane lån og ved å ta imot innskot. Det gir Noregs Bank eit spesielt ansvar for å overvake likviditetsrisikoen i banksystemet. Som långivar i siste instans har Noregs Bank ei sentral rolle når det gjeld å handtere kriser i det finansielle systemet.

KRITERIUM FOR EIN GOD MOTSYKLISK KAPITALBUFFER¹

Kravet til den motsykliske bufferen bør oppfylle følgjande kriterium:

1. Bankane bør bli meir robuste i gode tider.
2. Bufferkravet bør sjåast i lys av andre krav til bankane.
3. Tilbakeslag i det finansielle systemet bør lindrast.

Kravet til motsyklisk kapitalbuffer bør aukast når finansielle ubalansar byggjer seg opp eller har bygd seg opp. Råd frå Noregs Bank om å byggje opp ein motsyklisk kapitalbuffer vil som ein hovudregel ta utgangspunkt i fire nøkkelindikatorar: i) samla kreditt (K2 hushald og K3 føretak for Fastlands-Noreg) som del av BNP for Fastlands-Noreg, ii) bustadprisar i forhold til den disponible inntekta til hushalda, iii) salsprisar på næringseigedom² og iv) prosentdel marknadsfinansiering i norske kredittinstitusjonar.

Som grunnlag for rådet om den motsykliske kapitalbufferen vil Noregs Bank analysere utviklinga i nøkkelindikatorane og samanlikne nosituasjonen med historiske trendar. Rådet frå Noregs Bank vil òg byggje på tilrådingane frå Det europeiske risikorådet (ESRB).

Det vil ikkje vere nokon mekanisk samanheng mellom utviklinga i indikatorane, gapa eller tilrådingar frå ESRB³ og rådet frå Noregs Bank om den motsykliske kapitalbufferen. Rådet vil byggje på banken sitt faglege skjøn, der også andre forhold vil bli trekte inn i vurderinga. Andre krav til bankane vil vere ein del av vurderinga, særleg når nye krav blir introduserte.

Den motsykliske kapitalbufferen er ikkje noko verktøy for å finstyre økonomien. Bufferkravet bør ikkje utan vidare trappast ned, sjølv om det er teikn til reduksjon i finansielle ubalansar. I lange periodar med låge tap og vekst i formuesprisar og kreditt vil det normale vere at bankane held ein motsyklisk buffer.

Ved tilbakeslag i økonomien og store tap i bankane kan bufferkravet setjast ned. Verkar bufferen som han skal, vil bankane stramme mindre inn på utlåna sine i nedgangstider enn dei elles ville ha gjort. Det kan motverke at utlånspraksisen til bankane forsterkar tilbakeslaget. Ein skal ikkje frigi kapitalbufferen for å rette på problem som er isolerte til enkeltbankar.

Nøkkelindikatorane er lite eigna til å gi signal om når bufferkravet skal senkast. Annan informasjon, til dømes om uro i marknadene og utsikter til tap i bankane, vil då vere meir relevant.

1 Sjå òg *Norges Bank Memo 1/2013: Kriterier for en god motsyklisk buffer*.

2 Indikatoren er basert på dei berekna salsprisane til OPAK for kontorlokale i Oslo. Dei tek utgangspunkt i berekna leigepriisar frå eigedomsindeksen til Dagens Næringsliv.

3 *ESRB Recommendation on guidance for setting countercyclical buffer rates* blei publisert 30. juni 2014.

REGELVERKSPROSESSAR

Område	Institusjonar og regelverk	Framdrift
Verktøy for kriseløysing av bankar	Financial Stability Board (FSB) – Krisehandtering	10. november 2014 presenterte FSB ei skisse over kva krav som skal stillast til tapsberande kapasitet (total loss absorbing capacity, TLAC) i store bankar. Planen er å vedta ein internasjonal standard for TLAC på G-20-møtet i slutten av 2015.
	EU – Bank Recovery and Resolution Directive (BRRD)	Kriseløysingsdirektivet blei vedteke 6. mai 2014 og vil gjelde i EU frå 1. januar 2015. «Bail-in» som krisehandteringsverktøy vil tre i kraft frå 1. januar 2016. Banklovkommissjonen utgreier innføring i norsk rett.
	EU – Deposit insurance	EU har vedteke ei innskotsdekning på 100 000 euro per innskytar. Den norske innskotsgarantien på 2 millionar kroner kan vidareførast i ein overgangsperiode til 31. desember 2018.
Krav til kapitaldekninga, risikostyringa og likviditetskrava til bankane	Baselkomiteen	Utkast til revisjon av regelverket for standardmodellar for kredittrisiko, marknadsrisiko, operasjonell risiko og golv for kapitalkrav for IRB-bankar er sendt på høyring med frist 27. mars 2015.
	Innføring av EU-regelverket CRR og CRD IV i Noreg	Store delar av CRD IV/CRR-regelverket blei innført i norsk lovgiving frå 1. juli 2013 med påfølgjande forskrifter. Reglane inneber strengare krav til kvaliteten på ansvarleg kapital og nye frådragsreglar for ansvarleg kapital. Vidare bestemte Finansdepartementet ikkje å gjennomføre EU-føreseigna om redusert kapitalkrav for små og mellomstore bedrifter. Dessutan legg Finansdepartementet opp til at berekningsgrunnlaget for systemrisikobufferen framleis blir uendra når bufferen for systemviktige bankar trer i kraft frå 1. juli 2015.
	Risikovekter bustadlån	1. juli 2014 offentleggjorde Finanstilsynet nye krav til kalibrering av bustadlånsmodellane til IRB-bankane. Rekalibreringa inneber mellom anna at minstekravet til PD for enkeltlån aukar til 0,2 prosent, og at nivået for langsiktig gjennomsnittleg PD aukar. Danske og svenske tilsynsmyndigheiter har stadfesta at dei vil påleggje liknande krav for bustadlån som danske og svenske filialar har i Noreg.
	Krav til systemviktige bankar	Finansdepartementet har fastsett forskrift om identifisering av systemviktige institusjonar og utpeikte DNB ASA, Nordea Bank Norge ASA og Kommunalbanken AS som systemviktige. Dette skal revurderast årleg. Institusjonar som har ein forvaltingskapital på minst 10 prosent av BNP til Fastlands-Noreg eller minst 5 prosent av utlånsmarknaden, vil som hovudregel bli peikte ut som systemviktige.
	Motsyklisk buffer	12. desember 2013 fastsette Finansdepartementet den motsykliske kapitalbufferen til 1 prosent, etter råd frå Noregs Bank. Finansdepartementet bestemte samtidig at nivået på 1 prosent først skal gjelde frå 30. juni 2015. Dette nivået er behalde i dei påfølgjande kvartalsvise avgjerdene.
	Kvantitative likviditetskrav	EU-kommisjonen publiserte 10. oktober 2014 ei detaljert regulering (Delegated Act) og krav til LCR. Den trinnvise innfasinga av LCR startar 1. oktober 2015, og kravet skal gjelde fullt ut frå 1. januar 2018. Finanstilsynet skal utarbeide eit utkast til norsk forskrift om likviditetsregulering innan utgangen av mai 2015. Baselkomiteen publiserte ei tilråding til NSFR i oktober 2014. Innan utgangen av 2016 skal EU-kommisjonen leggje fram eit forslag til lovtekst for NSFR for å innføre kravet innan 2018.
	Tilsynsstruktur	Ny tilsynsstruktur i EU
Bankunion i EU		Single Supervisory Mechanism (SSM), som overlèt mykje av tilsynsansvaret i eurosona til ECB, begynte å fungere frå november 2014. Ein felles kriseløysingsmekanisme, Single Resolution Mechanism (SRM), og eit tilhøyrande stabilitetsfond, Single Resolution Fund, blei vedteke i høvesvis april og mai 2014. Kriseløysing i SRM skal følgje prinsipp og reglar i kriseløysingsdirektivet BRRD.

KAPITTEL 3

MARKNADER OG KAPITALFORVALTING

STYRING AV LIKVIDITETEN I BANKSYSTEMET

I gjennomføringa av pengepolitikken sørger Noregs Bank for å styre bankreservane, det vil seie bankane sine folioinnskot i sentralbanken, slik at dei kortsiktige pengemarknadsrentene er nær styringsrenta som hovudstyret har fastsett. Det blir gjort ved ulike former for marknadsoperasjonar som inneber at sentralbanken anten tilfører bankane reservar eller trekkjer reservar ut av banksystemet. Figur 3.1 viser utviklinga i Noregs Bank sine renter, overnattarenta (NOWA) og tre månadersrenta i pengemarknaden.

For å kunne styre reservane mot det ønskje nivået må Noregs Bank utarbeide prognosar for den strukturelle likviditeten i bankane. Strukturell likviditet er dei samla innskota bankane har på


konto i Noregs Bank før tilførsel eller inndraging gjennom marknadsoperasjonar. Den strukturelle likviditeten blir påverka gjennom fortløpande inn- og utbetalingar på statens konto i Noregs Bank, statlege lånetransaksjonar, Noregs Banks transaksjonar i valuta- og statspapirmarknaden og endringar i setlar og myntar i sirkulasjon. Gjennom marknadsoperasjonar påverkar Noregs Bank den samla mengda av reservar i banksystemet slik at dei blir liggjande på ønskt nivå.

I 2014 sikta Noregs Bank mot å halde bankreservane i gjennomsnitt lik 35 milliardar kroner, med eit styringsintervall på ± 5 milliardar kroner. Når den strukturelle likviditeten er høgare enn styringsintervallet, tilbyr Noregs Bank bankane F-innskot for å få bankreservane ned til ønskt nivå. Motsett – når den strukturelle likviditeten ligg lågare enn styringsintervallet, får bankane tilbod om F-lån (mot sikkerheit i godkjende verdipapir). F-lån og F-innskot er lån og innskot som ikkje kan betalast ned eller trekkjast på i løpetida, og er eit tilbod til bankar som er etablerte i Noreg. Renta blir vanlegvis bestemt gjennom ein fleirprisauksjon. Løpetida varierer frå ein dag til fleire veker og er avhengig av likviditetssituasjonen.

I oktober 2011 innførte Noregs Bank eit nytt system for å styre bankreservane. Mens bankane tidlegare fekk forrenta alle innskot til styringsrenta (foliorenta), blei det frå oktober 2011 innført kvotar for kor mykje reservar kvar enkelt bank får forrenta til styringsrenta. Innskot utover kvoten blir forrenta til den såkalla reserverenta, som til no har vore eitt prosentpoeng lågare enn styringsrenta. Måla med å leggje om til kvotesystemet var å avgrense bankane sin etterspurnad etter sentralbankreservar og gi bankane sterkare insentiv til å fordele om reservar i interbankmarknaden.


Bankane blei i 2014 inviterte til å gi tilbagemeldingar etter tre års erfaring med nytt likviditetsstyringssystem. Av positive erfaringar trekkjer

FIGUR 3.1 Noregs Banks renter og korte pengemarknadsrenter (rente i pengemarknaden med løpetid på eitt døgn og tre månader). Nominelle renter. Prosent 1. januar 2013–31. desember 2014



Kjelder: Noregs Bank og Bloomberg

FIGUR 3.2 Differansen mellom pengemarknadsrenter og venta styringsrente. Prosentteiningar. Fem dagars glidande gjennomsnitt. 1. januar 2013–31. desember 2014




bankane fram at overnattarenta i pengemarknaden er blitt meir stabil. Dei meiner òg at handelen i reservar mellom bankane har auka, og at bankane har fått større kontaktnettverk. Bankane trekkjer dessutan fram nokre område der dei ønskjer endring. Det gjeld spesielt fordelinga av kvotane mellom bankane og det at interbankmarknaden fungerer dårleg over enkelte kvartals- og årsskifte.

Summen av bankkvotane var 45 milliardar kroner i 2014. Dei enkelte kvotane er berekna med grunnlag i forvaltingskapitalen til bankane. Bankane er delte inn i tre grupper der alle i den same gruppa er tildelte den same kvoten, med unntak av oppgjersbankane, som får eit tillegg i kvoten. Kvotane blir vurderte to gonger i året. Noregs Bank har berre gjennomført små endringar i dei enkelte kvotane i 2014.

UTVIKLINGA I KRONELIKVIDITETEN TIL BANKANE OG MARKNADSOPERASJONANE TIL NOREGS BANK I 2014

I 2014 var den strukturelle likviditeten i gjennomsnitt 58,6 milliardar kroner og varierte mellom minus 30,7 og 118,5 milliardar kroner, jf. figur 3.3. Totalt blei det halde 22 F-lånsauksjonar og 73

FIGUR 3.3 Strukturell likviditet og total likviditet i marknaden. Milliardar kroner. 1. januar 2013–31. desember 2014



F-innskotsauksjonar. Total likviditet, det vil seie strukturell likviditet pluss Noregs Banks marknadsoperasjonar, var i gjennomsnitt 35,0 milliardar kroner i 2014.

RENTEPÅSLAGA I PENGEMARKNADEN

Rentepåslaget³ i den norske pengemarknaden var lågt og stabilt gjennom 2014, akkurat som internasjonale påslag. Påslaget varierte noko gjennom året i takt med den strukturelle likviditeten. Høg strukturell likviditet bidrog til at påslaget var spesielt lågt i byrjinga av året.

Sidan hausten 2011 har Noregs Bank berekna og offentleggjort overnattarenta NOWA⁴. NOWA er definert som eit vege gjennomsnitt av rentesatsar på inngåtte avtalar om usikra lån i norske kroner mellom bankar, med utbetaling same dag og tilbakebetaling påfølgjande bankdag. Differansen mellom NOWA og styringsrenta til Noregs Bank har i gjennomsnitt vore eitt basispunkt i 2014. I gjennomsnitt har det dagleg rapporterte omsetningsvolumet for lån over natta mellom bankane vore 12,5 milliardar kroner gjennom året.

3 Pengemarknadsrentene minus venta styringsrente over same horisont.

4 Norwegian Overnight Weighted Average.

HØYRINGSSVAR OM REGULERINGA AV NIBOR-FASTSETJINGA

Som følgje av manipulering med europeiske referanserenter la EU-kommisjonen hausten 2013 fram forslag til ei forordning om finansielle referanseindeksar. Forslaget inneber at éi eller fleire myndigheiter skal føre tilsyn med rammeverket for fastsetjinga av referanserenter og etterlevinga til finansinstitusjonane.

I august 2013 bad Finansdepartementet Finanstilsynet om å vurdere behovet for eit offentlegrettsleg rammeverk for fastsetjinga av dei norske referanserentene Nibor. Ei lovfesting av det norske rammeverket for fastsetjing av allment brukte referanserenter vil vere i samsvar med formålet i den foreslåtte forordninga og med nye retningslinjer for referanserenter frå IOSCO og EBA/ESMA.

I april blei eit notat med utkast til lovendring om offentlegrettsleg regulering av fastsetjing av allment brukte referanserenter sendt ut på høyring. Noregs Bank sende svaret sitt til Finansdepartementet i august. I svaret blei det reist spørsmål om Noregs Bank gjennom lovfesting burde få formell myndigheit i godkjenninga og tilsynet med rammeverket for å fastsetje referanserenter. Det kan skje samtidig som Finanstilsynet for sin del fører tilsyn med at enkeltbankar etterlever regelverket. Noregs Bank har som sentralbank og gjennom marknadskompetansen sin og operasjonar i marknaden eit fortrinn når det gjeld å vurdere fastsetjinga av Nibor-rentene.

I eit brev til Finanstilsynet i mai 2014 la Noregs Bank fram ein analyse av Nibor-fastsetjinga frå 2010 til 2013 og peikte på nødvendige endringar i regelverket for Nibor. Finans Norge, som er ansvarleg for Nibor, har gjennomført endringar som eit stykke på veg gjer at regelverket for fastsetjinga blir i samsvar med internasjonale tilrådingar. Noregs Bank meiner at retningslinjene for Nibor framleis har enkelte svake punkt. Nibor er konstruert på ein måte som inneber at ei utanlandsk lånerente blir omgjord til ei norsk rente via terminmarknaden for valuta. Ein slik konstruksjon gjer Nibor lite gjennomsiiktig og kan undergrave tilliten til referanserenta. Slik Noregs Bank ser det, bør Nibor baserast på eit anslag på ei rein krone-rente som krevst for lån mellom bankar. Terminmarknaden for valuta kan vere éin av fleire indika-

torar for å bestemme denne renta. Med ein slik praksis kan panelet lettare utvidast til også å omfatte større norske sparebankar. I brevet peikte Noregs Bank òg på at definisjonen av Nibor kan og bør gjerast meir presis. Desse endringane vil gjere Nibor meir på linje med praksis for fastsetjing av tilsvarande referanserenter i Sverige og Danmark.


SIKKERHEIT FOR LÅN I NOREGS BANK

Noregs Bank yter lån til bankane mot pant i verdipapir. Slike lån medverkar til å effektivisere gjennomføringa av pengepolitikken og betalingsoppgjera. For å kunne nyttast som pant må verdipapira oppfylle ei rekkje krav. Høvet til å ta opp lån og krava til pant går fram av forskrift og retningslinjer frå Noregs Bank.

Ved utgangen av 2014 hadde bankane ei samla beholdning av verdipapir som pant for lån i Noregs Bank på 218 milliardar kroner etter avkorting, mot 217 milliardar kroner i 2013. Talet på ulike verdipapir som var godkjende som pant i Noregs Bank, var 455 ved utgangen av 2014, mot 621 i 2013. Figur 3.4 viser bankane si pantsetjing for lån i Noregs Bank dei siste åra.

Den samla låneverdien etter avkorting var i gjennomsnitt 19 milliardar kroner lågare i 2014 enn

FIGUR 3.4 Pantsetjing til sikkerheit for lån i Noregs Bank 2013-2014. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

i 2013. Låneverdien var lågare ved utgangen av året enn ved byrjinga. Avkortinga, som er forskjellen mellom marknadsverdien og låneverdien av pantet, har i gjennomsnitt vore 6,2 prosent av marknadsverdien. Det er vel 1 prosentteining lågare enn i 2013.

Noregs Bank godtek pant som er registrert i Verdipapirsentralen ASA og følgjande verdipapirregister i utlandet: Euroclear, Clearstream, Euroclear Sweden og VP Securities i Danmark. For bruken av verdipapirregistra i dei tre skandinaviske landa har sentralbankane ein avtale om at bankane kan pantsetje verdipapir for lån i ein av dei andre sentralbankane. Tre bankar nytta denne retten i 2014. Ved utgangen av året var det inga pantsetjing i denne ordninga.

I tillegg til dei ordinære låneordningane tillèt sentralbankane i Danmark, Sverige og Noreg at ein bank stiller innskot i ein av desse sentralbankane som pant for lån i ein av dei andre. Ordninga, som blir kalla Scandinavian Cash Pool (SCP), kan berre nyttast til å få likviditet gjennom dagen (intradag). Dei fem bankane som har avtale om ordninga, kan på denne måten utnytte likviditeten sin betre på tvers av landegrensene. I 2014 nytta bankane SCP til å låne i gjennomsnitt om lag 3 milliardar kroner gjennom dagen i Noregs Bank, det same nivået som i 2013. Bankane nytta pant i Noregs Bank berre av og til for å låne i ein annan skandinavisk sentralbank.

I 2014 har Noregs Bank inngått avtale med ein leverandør av ei ny IT-løysing for å berekne og halde oversikt over låneverdien av bankane si pantsetjing for lån. Arbeidet med å ta den nye løysinga i bruk vil halde fram i 2015.

KAPITALFORVALTINGA

Ved utgangen av 2014 hadde Noregs Bank 6877 milliardar kroner til forvaltning i dei internasjonale kapitalmarknadene. Hovuddelen av dette er Statens pensjonsfond utland (SPU), som Noregs Bank forvaltar for Finansdepartementet. Banken forvaltar òg sine egne internasjonale reservar. Det er lagt ut avkastingsrapportar på nettsidene til banken.

VALUTARESERVANE

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valutareservane og krav på Det internasjonale valutafondet (IMF). Valutareservane utgjorde 92 prosent av dei totale internasjonale reservane ved utgangen av 2014.

Valutareservane til Noregs Bank skal kunne brukast som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale pliktene Noregs Bank har overfor IMF og enkeltland. Hovudstyret i Noregs Bank fastset prinsipp for forvaltninga av valutareservane og har delegert til sentralbanksjefen å gi utfyllande retningslinjer. Reservane er delte inn i ein langsiktig portefølje, ein pengemarknadsportefølje og ein petrobuffersportefølje. Norges Bank Investment Management (NBIM) forvaltar den langsiktige porteføljen, mens Norges Bank Markeder og Banktjenester (MB) forvaltar pengemarknadsporteføljen og petrobuffersporteføljen.

Valutareservane skal vere plasserte slik at minst 10 milliardar SDR, inkludert heile pengemarknadsporteføljen, skal kunne nyttast innan éin handledag utan å måtte realisere nokon større tap. Pengemarknadsporteføljen skal vere mellom 3,5 og 4,5 milliardar SDR og blir investert i kort-siktige renteinstrument. Referanseindeksen for pengemarknadsporteføljen er sett saman av overnatta pengemarknadsindeksar og statssertifikatindeksar for amerikanske dollar og euro. Den langsiktige porteføljen skal plasserast i aksjar og renteberande papir. Referanseindeksen for den langsiktige porteføljen er sett saman av globale indeksar for aksjar og obligasjonar. Aksjedelen i den strategiske referanseindeksen er 40 prosent.

Petrobuffersporteføljen er ein mekanisme for å tilføre nye midlar til Statens pensjonsfond utland (SPU). Porteføljen blir bygd opp ved at Noregs Bank løpande kjøper valuta frå Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE), og ved at Noregs Bank gjer valutatransaksjonar i marknadene. Det blir normalt overført midlar til SPU kvar månad. Petrobuffersporteføljen blir plassert i kort-siktige rentepapir. Det er ikkje fastsett nokon referanseindeks for petrobuffersporteføljen.

Marknadsverdien av valutareservane var 448,6 milliardar kroner ved utgangen av 2014. Aksjar og lange renteinvesteringar utgjorde til saman 347,3

milliardar kroner, mens pengemarknadsinvesteringane og petrobufferporteføljen var på høvesvis 49,9 og 51,4 milliardar kroner. Reservane auka med 120,3 milliardar kroner gjennom året, i hovudsak på grunn av avkasting og svekt kronekurs. Avkasting i internasjonal valuta bidrog til å auke reservane med om lag 32,4 milliardar kroner, mens svekt kronekurs auka verdien med 57,4 milliardar kroner.

Petrobufferporteføljen blei oppretta av Noregs Bank for å bidra til ei kostnadseffektiv overføring av midlar til Statens pensjonsfond utland og er ikkje ein del av valutareservane som blir haldne for beredskapsformål. Porteføljen auka med 34,6 milliardar gjennom 2014, i hovudsak fordi valutakjøp frå SDØE var større enn overføringane til Statens pensjonsfond utland, og på grunn av svekt kronekurs.

Valutareservane blir haldne for beredskapsformål. Utviklinga målt i norske kroner er dermed mindre viktig. Kronekursbevegelsar vil først og fremst påverke eigenkapitalen til Noregs Bank, ikkje banken si evne til å oppfylle plikter i valuta. I det vidare vil derfor, dersom ikkje noko anna er oppgitt, avkasting bli målt i internasjonal valuta. Petrobufferporteføljen, som ikkje blir halden for valutaberedskap som omtalt ovanfor, blir halden utanfor avkastingsmålinga.

Samla sett var avkastinga på valutareservane 7,69 prosent i 2014. Aksjeinvesteringar hadde ei avkasting på 11,11 prosent og lange renteinvesteringar ei avkasting på 7,11 prosent. Pengemarknadsinvesteringar hadde ei avkasting på 0,11 prosent.

Aksjeinvesteringar hadde ei avkasting som var 0,21 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen for aksjar, mens lange renteinvesteringar hadde ei avkasting som var 0,12 prosentpoeng lågare enn referanseindeksen for obligasjonar i perioden. Pengemarknadsinvesteringane oppnådde i perioden ei avkasting som var 0,05 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen.

I den siste tiårsperioden var den annualiserte avkastinga 5,99 prosent. Særleg har aksjeinvesteringane bidrege til avkastinga, men dei realiserte svingingane har vore vesentleg høgare enn for renteinvesteringane.

KRAV PÅ IMF

IMF krev at medlemslanda skytt inn kapital i IMF. Storleiken på innskoten kapital reflekterer den relative storleiken til medlemslandet i verdsøkonomien. Dette kapitalinnskotet blir òg kalla kvoten. Kvoten avgjer kor stor del av stemmene eit land har i styret til IMF, og kor mykje SDR medlemslandet får tildelt, og han påverkar kor mykje landet eventuelt kan få låne av IMF. 75 prosent av den innskotne kapitalen blir betalt til IMF i valutaen til landet, mens resten blir betalt i SDR eller i ein mykje brukt utanlandsk valuta. Kapitalinnskotet til Noregs Bank per 31. desember 2014 var 20 421 millionar kroner (1884 millionar SDR).

SDR⁵ er ved fleire høve blitt tildelt medlemslanda i IMF med utgangspunkt i storleiken på kvotane deira. Den siste tildelinga var i 2009. Medlemslanda kan endre SDR-behaldninga ved transaksjonar med IMF eller ved å kjøpe frå eller selje til medlemsland som har sagt seg villige til å vere motpart i transaksjonar med SDR. Noregs Bank har sagt seg villig til å vere ein slik motpart innanfor bestemte beløpsrammer. IMF kan i tillegg krevje at medlemsland med sterk utanriksøkonomisk stilling kjøper SDR frå land med betalingsbalanseproblem, men IMF har aldri gjort seg nytte av denne retten. SDR-behaldninga til Noregs Bank utgjorde 16 064 millionar kroner (1482 millionar SDR) per 31. desember 2014. SDR-behaldninga vår er lågare enn det som er blitt tildelt (1563 millionar SDR).

Noregs Bank har gitt lån til IMF eller til fond som IMF forvaltar, gjennom ulike ordningar:

- Utlån til IMF gjennom New Arrangements to Borrow (NAB)
- Bilaterale utlån til IMF
- Utlån til Poverty Reduction and Growth Trust (PRGT)

Kapitalinnskota frå medlemslanda er den viktigaste finansieringskjelda for IMF sine utlån til land med betalingsproblem. I tillegg kan IMF gjennom NAB finansiere utlån ved å låne frå velstående

5 Spesielle trekkrettar – SDR – er ein internasjonal reservevaluta skapt av IMF i 1969. Verdien av SDR svarer til ei valutakorg som er sett saman av amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen. Vektene i valutakorga blir vurderte kvart femte år.

medlemsland. 38 land, inkludert Noreg, deltek i NAB. Noregs Bank sine utlån til IMF gjennom NAB utgjorde 5021 millionar kroner (463 millionar SDR) per 31. desember 2014. Noreg har gitt lånetilsegn til NAB på totalt 3871 millionar SDR, noko som svarer til 41 961 millionar kroner per 31.12.2014.

Behovet for utlån frå IMF auka monaleg etter finanskrisa. I 2010 var utlåna ti gonger høgare enn før finanskrisa braut ut i 2008. Under gjeldskrisa i Europa tok EU initiativ til å auke IMF-ressursane. EU-landa blei i desember 2011 einige om å stille inntil 200 milliardar euro til disposisjon for IMF gjennom bilaterale lån og oppfordra samtidig andre land til å bidra. Noreg reagerte tidleg og gav alt same månad eit tilbod om å stille midlar til disposisjon. Det norske bidraget er ein trekkrett på 6 milliardar SDR, noko som svarer til 65 milliardar kroner per 31. desember 2014. Avtalen gir IMF høve til å finansiere lån med inntil ti års løpetid. IMF kan trekkje på låna dersom IMF-ressursane frå innskoten kapital (kvotane) og NAB-ordninga kjem under ein gitt terskelverdi. Per 31. desember 2014 var det ikkje gjort trekk under denne avtalen.

Finansdepartementet og IMF signerte i juni 2010 ein avtale der Noreg har gitt tilsegn om å låne ut inntil 300 millionar SDR til eit fond (PRGT) som IMF forvaltar. Midlane i PRGT kan lånast ut til fattige land. Noregs Bank er agent for Noregs lån til PRGT og varetek pliktene med heimel i sentralbanklova paragraf 25. Samla trekk per 31. desember 2014 var 2535 millionar kroner (234 millionar SDR).

STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Noregs Bank står for den operative forvaltninga av Statens pensjonsfond utland på vegner av Finansdepartementet. Ved utgangen av 2014 var marknadsværdien av fondet 6431 milliardar kroner, før frådrag for forvaltingshonorar til Noregs Bank. Finansdepartementet overførte i 2014 til saman 147 milliardar kroner til Statens pensjonsfond utland.

Forvaltingsoppdraget er regulert av forskrifta «Mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland». Finansdepartementet har fastsett ein strategisk referanseindeks med 60 prosent aksjar og 40 prosent obligasjonar, fråtrekt den delen av investeringsporteføljen som er investert i eige-

domsporteføljen. Referanseindeksen uttrykkjer oppdragsgivaren sin investeringsstrategi for fondet og er eit viktig utgangspunkt for å styre risikoen i den operative forvaltninga og for å vurdere resultatene av forvaltninga i Noregs Bank. Finansdepartementet har sett grenser for kor mykje den faktiske porteføljen kan avvike frå referanseindeksen.

Fondet hadde i 2014 ei avkastning på 7,6 prosent, målt i ei valutakorg som svarer til samansetjinga av referanseindeksen. Det er dette avkastingsmålet som best beskriv utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Målt i internasjonal valuta var avkastninga på aksjeporteføljen 7,9 prosent, mens renteporteføljen hadde ei avkastning på 6,9 prosent.

Avkastninga i 2014 var 0,8 prosentepointhøgare enn avkastninga på referanseindeksen. Aksjeporteføljen hadde ei mindreakvasting på 0,8 prosentepointhøgare, mens renteporteføljen hadde ei mindreakvasting på 0,7 prosentepointhøgare.

Sidan 1998 har den årlege nominelle avkastninga vore 5,8 prosent, målt i internasjonal valuta. Etter frådrag for forvaltingskostnader og prisstiging har netto realavkastning vore 3,8 prosent per år.

Ein meir detaljert presentasjon av forvaltninga i 2014 finn du i årsrapporten for Statens pensjonsfond utland.

OPPGÅVER FOR STATEN

STATSGJELD I 2014

Etter avtale mellom Finansdepartementet og Noregs Bank skal banken yte tenester både som rådgivar, tilretteleggjar og betalingsagent i samband med opptak og forvaltning av dei innanlandske statslåna. Finansdepartementet betaler for tenester av bankmessig art som Noregs Bank utfører for departementet i samband med gjelds- og likviditetsforvaltninga til staten, og for variable kostnader som Noregs Bank dreg på seg som tenesteytar for Finansdepartementet.

Statens emisjonsplanar for korte og lange papir i 2014 blei publiserte i ein auksjonskalender i desember 2013. Det blei halde 20 auksjonar av statsobligasjonar og 13 auksjonar av korte statspapir (statskasservekslar) i 2014. Det blei i mai gjennomført ein auksjon utanom den fastlagde

kalenderen (denne auksjonen blei varsla i rundskriv om «auksjonskalender og opplegg for statspapirene i andre kvartal 2014» 28. mars). Samla emisjonsvolum utanom statens eige kjøp i førstehandsmarknaden var 64 milliardar kroner i statsobligasjonar og 67 milliardar kroner i statskasservekslar.

Strategien for lang statsopplåning tek utgangspunkt i at ein skulle halde ved like ei statsrentekurve med løpetid på opptil om lag ti år. Det blei lagt ut eit nytt tiårs obligasjonslån i mars 2014. Ingen obligasjonslån hadde forfall i 2014.

Emisjonsopplegget for korte statspapir inneber at nye statskasservekslar blir emitterte på IMM-dagar,⁶ med forfall på IMM-dagen eitt år seinare. Låna blir utvida ved seinare auksjonar.

Auksjonane av statspapira er gjennomførte via handelssystemet på Oslo Børs. Teikningsraten, som er bodvolum i forhold til volum tildelt i auksjonen, var 2,73 og 2,32 i gjennomsnitt for høvesvis statsobligasjonar og statskasservekslar.

Noregs Bank inngår avtalar med primærhandlarar, som er forplikta til å stille bindande kjøps- og salskursar i statsobligasjonar og statskasservekslar for avtalte minimumsbeløp på Oslo Børs. Noregs Bank har i 2014 inngått ni avtalar med primærhandlarar – fem for statsobligasjonar og fire for statskasservekslar. Som motyting for desse bindande kjøps- og salskursane kan primærhandlarane låne statspapir i ein avgrensa periode. Låneramma for obligasjonslåna var 8 milliardar kroner i kvart lån. For statskasservekslar var lånerammene 6 milliardar kroner i kvart lån. I tillegg har primærhandlarane einrett på å delta i statspapirauksjonane.

Staten har sidan juni 2005 brukt rentebyteavtalar i den innanlandske gjeldsforvaltninga. Ein rentebyteavtale er ein avtale mellom to partar om å byte framtidige rentebetalningar knytte til ein gitt hovudstol. Bruk av rentebyteavtalar gir staten fleksibilitet til å endre den gjennomsnittlege rentebindinga på gjeldsporteføljen utan å endre opplåningsstrategien. Finansdepartementet har inngått rammeavtalar med fleire motpartar. Noregs Bank utfører dei operative funksjonane i samband med inngåing av rentebyteavtalar på

vegner av Finansdepartementet. Dei kommersielle avgjerdene er det departementet som tek. Ved utgangen av 2014 var gjennomsnittleg rentebindingstid for statsgjelda – utan eigenbeholdninga til staten – 4,09 år. Tek ein omsyn til inngåtte rentebyteavtalar, var rentebindingstida 2,95 år.

Statens samla innanlandske verdipapirgjeld registrert i Verdipapirsentralen ved utgangen av 2014 utgjorde 427,7 milliardar kroner rekna i pålydande verdi (inkludert eigenbeholdninga til staten). Utanlandske investorar eig om lag 51 prosent, mens livsforsikringsselskap og private pensjonskassar eig om lag 11 prosent av statens verdipapirgjeld. For statsobligasjonar er eigar delen for utanlandske investorar 60 prosent og for livsforsikringsselskap og private pensjonskassar 9 prosent.

Finansdepartementet fastsette 2. oktober 2014 eit nytt mandat for korleis statsgjelda skal forvaltast. Etter mandatet skal Noregs Bank utferde statsgjeld og inngå finansielle kontraktar innanfor statsgjeldsforvaltninga i Finansdepartementet sitt namn. Målet for forvaltninga er å dekkje lånebehovet til staten til så låge kostnader som mogleg. Det skal takast omsyn til renterisikoen til staten og til at det bør finnast ei likvid rentekurve for statspapir ut til ti års løpetid. Departementet skal årleg fastsetje ei øvre grense for brutto opplåning og minstekrav til rentebinding. Innanfor desse rammene skal Noregs Bank fastsetje eit årleg program for opplåning fordelt på vekslar og obligasjonar med ein kalender for utferdingar. Banken skal fastsetje prinsipp for måling og styring av motparteksponering og operasjonell risiko. Noregs Bank skal regelmessig leggje fram analysar av lønnsemd og risiko ved forvaltninga i tillegg til vurderingar av måloppnåing for Finansdepartementet. Både analysane og evalueringa skal publiserast. Mandatet tok til å gjelde 1. januar 2015.

I 2008 blei den såkalla byteordninga etablert for å sikre bankane lengre finansiering. Staten og bankane bytelånte statskasservekslar mot obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Ordninga fekk eit totalt omfang på 230 milliardar kroner.

Ved inngangen til 2014 var det attståande avtalar i ordninga på om lag 78 milliardar kroner. I mars forfall 46 milliardar kroner, og dei siste avtalane forfall i juni.

⁶ Internasjonal standard for oppgjersdagar: tredje onsdag i mars, juni, september og desember.

KONTOHALD FOR STATEN

Noregs Bank har oppgaver med kontohald i samband med forvaltninga av dei likvide midlane til staten og gjelda til staten i norske kroner. Oppgåvene har heimel i sentralbanklova og er regulerte i avtalar mellom Noregs Bank og Finansdepartementet. Ei hovudoppgåve er å samle likviditeten til staten på statens foliokonto i Noregs Bank kvar dag. Ved utgangen av 2014 hadde statlege verksemdar til saman 975 kontoar i Noregs Bank. Summen av beløpa på desse kontoane utgjør det innestående på foliokontoen til staten. Staten får rente på desse midlane. I tillegg fastset Finansdepartementet særskilde interne rentesatsar for visse statlege fond og innskot. Staten ved Finansdepartementet betaler ei årleg godtgjering som dekkjer kostnadene for dei tenestene Noregs Bank utfører for staten.

Noregs Bank har avtale med EVRY ASA om å levere system- og driftsløysing for kontosystemet. Tenestene for statens kontohald i Noregs Bank har vore stabile i 2014 òg.

I 2014 har Noregs Bank gjennom offentlig tilbud invitert interessantar til å melde seg for å levere tenester for kontosystemet frå 2016. Arbeidet med å inngå ny avtale om desse tenestene vil halde fram i 2015.

Sjølve betalingsformidlinga for staten blir utført av bankar etter avtale med Direktoratet for økonomistyring (DFØ). DFØ har i 2014 skrivne under på nye avtalar om betalings- og kontohaldstenester med DNB Bank ASA, Nordea Bank Norge ASA og SpareBank 1 Alliansen. Noregs Bank har eigne avtalar med desse bankane om korleis midlane til staten kvar dag skal overførast mellom bankane og Noregs Bank.

OVERFØRINGAR TIL SPU

Noregs Bank gjennomfører avsetningane til Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegner av staten. Overføringane skjer månadleg i utlandsk valuta. Avsetningane til SPU blir i hovudsak dekte av valutainntekter frå Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE). Dersom valutainntekta frå SDØE ikkje er nok til å dekkje

avsetningane til SPU, vil Noregs Bank kjøpe det resterande beløpet i marknaden. Det blei ikkje kjøpt valuta i marknaden i 2014. Dersom valuta frå SDØE overstig behovet for avsetningar til SPU, vil Noregs Bank selje det overskytande beløpet i marknaden. Noregs Bank begynte å selje valuta i marknaden i oktober 2014. Dei daglege valutasala (kjøpa) blir fastsette for ein månad om gongen og blir kunngjorde siste arbeidsdagen i den føregåande månaden. Valutasala (kjøpa) til Noregs Bank kan variere ein del frå månad til månad.

Frå oktober til desember 2014 selde Noregs Bank valuta for 13,75 milliardar kroner i marknaden. Overføringane frå SDØE svarte til 189,5 milliardar kroner.

KAPITTEL 4

BETALINGSSYSTEM, SETLAR OG MYNTAR

Samfunnet er avhengig av at betalingssystema blir stabilt drivne. Alle betalingar mellom bankar og mellom kundar i ulike bankar blir avrekna og gjorde opp i desse systema. Dei norske betalings-systema og annan finansiell infrastruktur har fungert godt i 2014.

ANSVARET TIL NOREGS BANK

Noregs Bank gjer opp betalingar mellom bankane på kontoane deira i Noregs Bank og forsyner samfunnet med setlar og myntar på ein måte som fremjar eit effektivt betalingssystem. I tillegg overvakar Noregs Bank betalingssystema og systema for verdipapiroppgjjer, som til saman utgjer den finansielle infrastrukturen. Formålet er å fremje robuste og effektive betalings- og oppgjerssystem og slik bidra til å styrkje stabiliteten i det finansielle systemet.

OVERVAKING AV FINANSIELL INFRASTRUKTUR

To interbanksystem har konsesjon frå Noregs Bank etter betalingssystemlova: avrekningssystemet NICS (Norwegian Interbank Clearing System) og interbanksystemet til den private oppgjersbanken DNB Bank ASA. Systemet til den private oppgjersbanken SpareBank 1 SMN er friteken for konsesjon. Avrekningane frå NICS blir gjorde opp i Noregs Bank for dei bankane som har oppgjjer i sentralbanken. Etter at oppgjret er utført i Noregs Bank, gjennomfører DNB Bank ASA og SpareBank 1 SMN oppgjjer med deltakarbankane sine. Tilsynet Noregs Bank har med dei konsesjonspliktige interbanksystema, skjer mellom anna på basis av rapporteringskrav og tilsynsmøte.

Noregs Bank overvakar òg verdipapiroppgjret og oppgjerssystemet til Oslo Clearing ASA, som

er sentral motpart for handel på Oslo Børs. Arbeidet skjer i samarbeid med Finanstilsynet, som fører tilsyn med Verdipapirsentralen ASA og Oslo Clearing ASA. Oslo Clearing ASA blei i 2014 kjøpt av det sveitsiske selskapet SIX x-clear. Noregs Bank deltek i ei sentralbankgruppe som overvakar CLS Bank, ein internasjonal bank som er spesialisert på valutahandelsoppgjjer. Den amerikanske sentralbanken leier denne gruppa.

Noregs Bank vurderer det slik at den finansielle infrastrukturen i Noreg i grove trekk er robust og effektiv. Det har vore få avvik i interbanksystema og verdipapirsystema i 2014.

I rapporten *Finansiell infrastruktur 2014* vurderte Noregs Bank kvart norske system opp mot nye internasjonale prinsipp frå Committee on Payments and Market Infrastructures (CPMI) i BIS og International Organization of Securities Commissions (IOSCO). Vurderinga tok utgangspunkt i eigarane sine eignevalueringar. Vurderinga av systema for verdipapiroppgjjer blei gjord i samarbeid med Finanstilsynet. Etter Noregs Bank sitt syn oppfyller dei norske betalings- og oppgjersystema dei fleste av prinsippa frå CPMI-IOSCO. Det var enkelte manglar, mellom anna i tilknytning til prinsippa for styringsstruktur, rammeverk for risikostyring, operasjonell risiko og indirekte deltaking. Noregs Bank følgjer opp tiltak frå eigarane for å rette på manglar.

I rapporten *Finansiell infrastruktur 2014* drøftar Noregs Bank òg utviklinga i finansiell infrastruktur og overvakinga si av dei enkelte systema. Eit nytt Noregs Bank Memo, «Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling», viser statistiske utviklingstrekk.

Noregs Bank publiserte i 2014 resultatane frå ei undersøking av dei samfunnsøkonomiske kostnadene ved betalingar i Noreg. Banken bereknar betalingskostnadene til 14,5 milliardar kroner for 2013. Det utgjorde 0,63 prosent av BNP for Fastlands-Noreg. Sett i forhold til BNP har

betalingskostnadene falle sidan den førre undersøkinga i 2007. Jamføringar med andre land viser at kostnadene i det norske betalingssystemet er låge. Bankane utfører betalingstenester meir effektivt enn før. Dei går likevel framleis i underskot på betalingsformidling. Inntektene dekkjer berre tre firedelar av kostnadene. Det er stor forskjell på kostnadene knytte til ulike måtar å betale på. Betalingar med internasjonale kort kostar samfunnet over fire gongar så mykje som betalingar med det nasjonale debetkortet BankAxept.


OPPGJERSSYSTEMET TIL NOREGS BANK

Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken for betalingar mellom bankane i Noreg. Denne oppgåva er knytt til det ansvaret Noregs Bank har etter sentralbanklova for å fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet, og til bankane sitt høve til å halde konto og ta opp lån i Noregs Bank. Fordi sentralbanken utferdar pengar, er innskot i sentralbanken utan kreditt- og likviditetsrisiko for bankane. Derfor er renta på sentralbankpengar ein basis for rentedanninga i heile økonomien.

Alle bankar i Noreg kan ha konto i Noregs Bank. Ved utgangen av 2014 hadde 131 bankar slik konto, mot 128 i 2013. Av desse deltok 22 bankar direkte i oppgjær av avrekningar i oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO). Dei andre bankane nytta kontoen til betalingar som i hovudsak er knytte til lån og innskot i Noregs Bank. CLS Bank (Continuous Linked Settlement) har ein konto som blir nytta til daglege oppgjær av kronedelen av handel med valuta innanfor det internasjonale systemet for oppgjær av slike handlar. Oslo Clearing ASA er sentral motpart i handel med finansielle instrument og har konto i NBO for daglege oppgjær av posisjonar mellom bankane. To sentralbankar og Den internasjonale oppgjersbanken (BIS) har òg konto i NBO. Tre bankar hadde avtale om beredskapskonto som kan takast i bruk dersom banken treng å bruke Noregs Bank som oppgjersbank.

I oppgjerssystemet til Noregs Bank blei det i 2014 i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 213 milliardar kroner dagleg, mot 203 milliardar kroner i 2013. Ved utgangen av 2014 hadde bankane folio- og reserveinnskot på i alt

FIGUR 4.1 Omsetning i NBO 2011-2014. Dagleg gjennomsnitt per måned. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

34,3 milliardar kroner. Figur 4.1 viser omsetninga i oppgjerssystemet til Noregs Bank dei siste åra.

Noregs Bank har avtale med EVRY ASA om å levere IKT-driftstenester for oppgjerssystemet. Det har ikkje vore alvorlege avbrot i oppgjerssystemet i 2014.

Bankane betaler for oppgjærstenestene i Noregs Bank. Prisane er sette slik at inntektene skal dekkje dei relevante kostnadene med å utføre desse tenestene. For 2014 var prisane uendra frå 2013.


Saman med sentralbankane i Danmark og Sverige og på Island deltek Noregs Bank i eit nordisk forum for å utveksle erfaringar med oppgjerssystema og med løysingane for pantsetjing frå bankane for lån i sentralbankane. I tillegg deltek Noregs Bank frå 2014 i eit nyskipa internasjonalt samarbeid mellom fleire sentralbankar og andre sentrale aktørar for å fremje robuste beredskapsløysingar i systemviktige betalings- og oppgjerssystem.

SETLAR OG MYNTAR

KONTANTOMLØPET

Verdien av setlar og myntar i omløp har lege på same nivå over ein lengre periode, men viser no ein liten nedgang. Årsgjennomsnittet for 2014

FIGUR 4.2 Kontantar i omløp 2005–2014



Kjelde: Noregs Bank

utgjorde om lag 49,4 milliardar kroner, ein reduksjon på 0,4 milliardar kroner frå 2013 – sjå figur 4.2. Verdien av setlar og myntar i omløp sett i forhold til den samla verdien av betalingsmidlar som publikum disponerer (M1), held fram med å falle.

Verdien av setlar i omløp var i gjennomsnitt 45 milliardar kroner i 2014, det vil seie ein reduksjon på 0,5 milliardar kroner frå året før. Verdien av myntar i omløp var i gjennomsnitt 4,4 milliardar kroner i 2014, tilnærma uendra frå 2013.


FALSKE NORSKE SETLAR

Det blir beslaglagt få falske setlar i Noreg – sjå figur 4.3. I 2014 blei det beslaglagt 495 setlar, noko som svarer til om lag 3,9 falske setlar per million setlar i omløp. Det er svært lågt samanlikna med andre land. Det tilsvarande talet for eurolanda er om lag 52.⁷ Kvaliteten på dei fleste forfalskingane er dårleg, og dei er dermed enkle å avdekkje.

ORGANISERING AV KONTANTFORSYNINGA

Sentralbanklova gir Noregs Bank ansvaret for å utferde pengesetlar og myntar. Det inneber mellom anna å sørgje for at det blir produsert mange nok setlar og myntar til å dekkje behovet til samfunnet, og å sjå til at desse betalingsmidlane blir tilgjengelege. Noregs Bank forsyner bankane med kontantar frå fem sentralbankdepot,

FIGUR 4.3 Forfalska norske setlar 2005–2014



Kjelde: Kripos


og bankane står for den vidare distribusjonen til publikum. Sentralbanken har òg eit ansvar for å halde oppe ein tilfredsstillande kvalitet på setlar og myntar i omløp. Det blir mellom anna gjort ved å leggje til rette for at slitne og skadde setlar og myntar blir tekne ut av omløp og destruerte.

Målet for verksemda til Noregs Bank på kontantområdet er å fremje effektiviteten i kontantforsyninga og i det samla betalingssystemet. Ulike tiltak er over tid sette i verk for å skape ei mest mogleg effektiv ansvars- og arbeidsdeling mellom aktørane og eit klarare skilje mellom ulike typar tenester.

Etter sentralbanklova er det berre Noregs Bank sjølv som kan utferde setlar og myntar. Noregs Bank må stå som skyldnar for desse betalingsmidlane. Produksjon, destruksjon og distribusjon kan utførast av andre, men Noregs Bank må sjå til at oppgåvene blir utførte, og at utføringa er i samsvar med krava sentralbanken stiller. For å lette omfordelinga og distribusjonen av setlar og myntar for bankane er det etablert ei ordning der bankane, ut frå bestemte vilkår, får utbetalt rentekompensasjon for behaldningar dei oppbevarer i private kontantdepot. Ved utgangen av 2014 er det totalt 13 slike depot rundt om i landet. Depota blir drifta av NOKAS Kontanthåndtering AS og Loomis Norge AS. På denne måten har Noregs Bank no ei grossistrolle, og bankane står for omfordelinga av kontantar seg imellom.

⁷ Kilde: ECB, pressemelding publisert 23. januar 2015.

FIGUR 4.4 Kretsløpet i forsyninga av setlar og myntar per 31.12.2014



Noregs Bank har sett bort fleire oppgåver på kontantområdet, jf. figur 4.4. Setlar og myntar blir produserte av eksterne leverandørar. Forvaltninga av sentralbankdepota til Noregs Bank i Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er utkontraktert til NOKAS, som òg utfører destruksjon på vegner av Noregs Bank. Noregs Bank står sjølv for drifta av sentralbankdepotet i Oslo. Sentralbanken utfører òg destruksjon og andre kontrolloppgåver knytte til mottak og sending av setlar og myntar.

Etter ein anbodskonkurranse våren 2014 signerte Noregs Bank i august 2014 ein rammeavtale med Det Norske Myntverket om å levere norske myntar i fire nye år frå og med 2015. Konkurransen blei i samsvar med lov om offentlige anskaffelser kunngjord internasjonalt. Tre myntverk leverte inn tilbod.

UTGIVING AV MINNEMYNTAR

Noregs Bank gir ut jubileums- og minnemyntar i gull og sølv med spesiell heimel i sentralbanklova paragraf 16 og sirkulasjonsmynt med spesialpreg etter sentralbanklova paragraf 13, som er den generelle heimelen for utferding av mynt. Det er Kongen som avgjer om det skal bli utgitt myntar, jf. sentralbanklova paragraf 16. Sidan 2011 har denne kompetansen vore delegert til Finansdepartementet, jf. kgl.res. 27. mai 2011 nr. 560. I brev av

13. oktober 2014 har Finansdepartementet delegert vidare myndigheita til å gjere vedtak i saker etter sentralbanklova paragraf 16 til Noregs Bank. I 2014 har Noregs Bank gitt ut ein 20-krone sirkulasjonsmynt med spesialpreg og ein 200-krone sølvmynt for å markere at det er 200 år sidan Grunnlova blei vedteken.

Adversmotivet er Christian Frederiks rikssegel med den norske løva, brukt første gong 19. mai 1814, då han tok imot kongevalet. Løva med hellebard blei brukt på norske myntar i heile regjeringstida til Carl Johan. Det siste pregeåret er 1844. Motivet er utforma av Ingrid Austlid Rise, formgivar ved Det Norske Myntverket.

Jubileumssida av 200-krone sølvmynten er utforma av Esther Maria Bjørneboe. Motivet viser Christian Magnus Falsen i front.







NY SETELSERIE

Noregs Bank begynte arbeidet med å utvikle ein ny setelserie tidleg i 2013. Bakgrunnen var at det er behov for å auke tryggleiken, slik at norske setlar også i framtida skal vere vanskelege å forfalske. Det skjer ved at det blir lagt inn nye tryggleikselement både for visuell kontroll og for maskinell kontroll i automatar etc.

Våren 2014 blei det gjennomført ein konkurranse i to trinn om utforming av motiv på ein ny setelserie. Formålet med konkurransen var å komme fram til eit forslag som kan vere det kunstnariske utgangspunktet for utforminga av ein ny setelserie, og som formidlar temaet «havet» på ein god måte. Det kom inn 70 søknader i pre-kvalifiseringa. Åtte av søkjarane fekk etter råd frå ei ekspertgruppe delta i finalerunden.

Noregs Bank hadde definert visse kriterium og omsyn som skulle varetakast ved utforminga av konkurranseforslaga. Det var ønskjeleg at forslaga skulle vere eit «visittkort» for Noreg, og at dei skulle vere relevante i mange år. Kvar valør skulle i tillegg ha sin eigen identitet, samtidig som det skulle vere ein samanheng mellom fram- og baksida. Motiva til kvar av dei fem valørane skulle dekkje desse undertemaa:

- Havet som bind oss saman (50-kronesetelen)
- Havet som bringar oss ut i verda (100-kronesetelen)
- Havet som gir oss mat (200-kronesetelen)
- Havet som gir oss velferd (500-kronesetelen)
- Havet som bringar oss vidare (1000-kronesetelen)

Ein jury med fem eksterne fagpersonar og eit medlem frå Noregs Bank vurderte alle forslaga og kåra ein vinnar av konkurransen. Hovudstyret til Noregs Bank avgjorde deretter på sjølvstendig grunnlag kva motiv som skal brukast på den nye setelserien. Framsida på setlane vil bli utvikla med utgangspunkt i forslaget frå The Metric System, *Det norske livsrommet*. Utgangspunktet for baksidene vil vere pikselmotiva som Snøhetta Design leverte inn, *Grensenes skjønnhet*.

Framsidene i det valde forslaget er svært godt lagde til rette for å innarbeide nødvendige tryggleikselement. Uttrykket er ope og typisk nordisk. Ved å bruke pikselmotiva som baksida vil setlane få eit både tradisjonelt og moderne uttrykk. Bølgjemønsteret som går igjen på pikselsidene, gir ein god referanse til hovudtemaet «havet». I tillegg kjem fargesignalet til den enkelte valøren godt fram når dei to forslaga blir kombinerte. Det gjer det enklare å skilje valørane frå kvarandre, særleg for svaksynte.

Alle konkurranseforslaga blei stilte ut i lokala til Grafill, norsk organisasjon for visuell kommunikasjon, frå 7. til 26. oktober. Tittelen på utstillinga var «Norges nye seddelsierie: Havet».

Noregs Bank arbeider no vidare med motiv og design, slik at både synlege tryggleikselement som er berekna for publikum, og maskinlesbare tryggleikselement kan utformast og leggjast inn i setlane. Dei ferdige setlane vil derfor avvike ein del frå konkurranseforslaga. Før setlane kan setjast i full produksjon, må det utviklast originalverktøy og gjennomførast ei omfattande testing, mellom anna for å sikre at setlane fungerer i automatar. Dei første nye setlane vil tidligst bli gitt ut 2. kvartal 2017.

INTERNASJONALT SAMARBEID

Noregs Bank deltek i internasjonalt samarbeid gjennom fleire kanalar. Mellom anna bidreg banken til å finansiere IMF, og han er medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (BIS). Banken har utstrekt kontakt med sentralbankar i andre land og med internasjonale organisasjonar.

FINANSIERINGA AV DET INTERNASJONALE VALUTAFONDET (IMF)

Den viktigaste finansieringskjelda for IMF-utlåna er innskota frå medlemslanda (kvotane). I tillegg kan fondet ved behov låne frå medlemslanda. IMF har ei ståande innlånsordning som blir kalla «New Arrangements to Borrow» (NAB-ordninga), og 38 land, inkludert Noreg, deltek. Ved ytterlegare finansieringsbehov kan fondet også mellombels låne frå dei enkelte medlemslanda.

IMF har etter finanskrisa som starta i 2008, styrkt utlånskapasiteten sin monaleg. Medlemslanda blei i 2010 einige om å doble kvoteinnskota i IMF. Dei enkelte medlemslanda må vedta kvoteauken. Sidan USA ikkje har vedteke kvoteauken enno, har endringa foreløpig ikkje tilstrekkeleg fleirtal til å bli sett i verk.

Innlånsordninga NAB er blitt tidobla. Omfanget av ordninga vil bli redusert tilsvarende auken i kvotane når kvoteauken trer i kraft. Det er Finansdepartementet som er Noregs avtalepart med IMF for NAB-ordninga, men Noregs Bank administrerer den norske deltakinga og stiller valutareservar til disposisjon etter paragraf 25 i sentralbanklova. Noreg deltek med 3870,9 millionar SDR i NAB, og IMF hadde per 31.12.2014 trekt 463 millionar SDR.

IMF har i tillegg mellombelse trekkrettar med 32 medlemsland, mellom anna Noreg. Noregs Bank innvilga i oktober 2012 IMF ein trekkrett på 6 milliardar SDR, som svarer til i overkant av 65 milliardar kroner (valutakurs per 30.12.2014). Lånet hadde først ein trekkperiode på to år, men perioden blei i 2014 forlengd med eitt år fram til oktober 2015. IMF hadde per 31.12.2014 ikkje trekt

på denne avtalen. Lånet skal berre trekkjast på dersom dei ledige ressursane frå kvotane og NAB-ordninga kjem under ein gitt terskelverdi.

Finansdepartementet inngjekk i juni 2010 ein avtale med IMF om å stille lånemidlar til disposisjon for IMF-låneordningane for låginntektsland innanfor ei ramme på 300 millionar SDR. Med heimel i sentralbanklova paragraf 25 bad Finansdepartementet Noregs Bank om å ta seg av pliktene Noreg har etter avtalen, ved å stille midlane til disposisjon gjennom å omplassere valutareservane. IMF hadde per 31.12.2014 trekt 234 millionar SDR under avtalen.

Dei samla norske pliktene overfor IMF var 31.12.2014 på 12 milliardar SDR (om lag 130 milliardar kroner). Det utgjer om lag 4 prosent av brutto-nasjonalproduktet i Noreg. Rekna i SDR var pliktene uendra frå året før, men lågare kurs på norske kroner førte med seg ein vesentleg auke rekna i norske kroner.

Sikkerheita for lån til IMF blir likevel vurdert som svært god, mellom anna på grunn av vilkåra om økonomiske tilpassings- og stabiliseringsprogram for låntakarane. I tillegg er det presedens for at IMF får tilbakebetalt fordringane sine før andre kreditorar. Fondet har aldri realisert tap på lån under dei generelle utlånsordningane. Noreg har ikkje kredittrisiko overfor tredjeland i samband med lån sidan alle fordringar er mot IMF.

KREDITTAVTALE MED SEDLABANKI ISLANDS

IMF ytte 19. november 2008 eit lån til Island på 2 milliardar USD under ei stand-by-ordning som blei avslutta i 2011. I tillegg inngjekk Island i juli 2009 låneavtalar med dei andre nordiske landa. Finansdepartementet godkjende eit lån på 480 millionar euro frå Noregs Bank til den islandske sentralbanken og stilte statsgaranti for lånet. Den islandske staten garanterte òg for at lånet ville bli betalt tilbake til Noregs Bank. I 2012 nedbetalte

Sedlabanki Islands førtidig 281 millionar euro av lånet. Det resterande lånet blei nedbetalt førtidig i juli 2014. Tilsvarande nedbetalingar blei gjorde overfor alle dei nordiske långivarane.

LØPANDE KONTAKT OG SAMARBEID MED ANDRE SENTRALBANKAR OG INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Noregs Bank er medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (BIS), som har til oppgåve å fremje samarbeidet mellom sentralbankane. I tillegg til å utføre forretningar for sentralbankar er BIS utgreiingsorgan og diskusjonsforum for medlemsbankane. Sentralbanksjefen deltek jamleg på møte i BIS.

Etter paragraf 25 i sentralbanklova skal Noregs Bank handheve dei finansielle rettane til landet og oppfylle dei tilsvarande pliktene som følgjer av deltakinga i Det internasjonale valutafondet (IMF). På oppdrag frå Finansdepartementet er det Noregs Bank som har ansvaret for å gjennomføre det daglege arbeidet med IMF i Noreg. Finansdepartementet fastset etter tilråding frå Noregs Bank norske politikksynspunkt i saker som skal opp i styret i IMF. I eit eige kapittel i finansmarknadsmeldinga blir det gitt ein omtale av viktige forhold og hendingar knytte til verksemda til IMF, med vekt på dei siste 12-18 månadene.

Det øvste organet i IMF er guvernørrådet. I 2014 var sentralbanksjef Øystein Olsen norsk representant og finansråd Svein Gjedrem vara-representant. Rådet har til vanleg møte éin gong i året – årsmøtet i IMF. Utanom dette gjer guvernørrådet vedtak ved skriftleg avstemming. Eit styre på 24 medlemmer, såkalla eksekutivdirektørar, leier arbeidet i IMF til dagleg. Dei fem nordiske og dei tre baltiske landa utgjer ein valkrets med felles representant i styret. Stillinga som styremedlem går på rundgang mellom dei nordiske og dei baltiske landa. Noreg har stillinga for perioden 2013-2015.

Landa i valkretsen samordnar felles standpunkt som representanten for gruppa presenterer i IMF-styret. I perioden der Noreg har stillinga som eksekutivdirektør, er Noreg ansvarleg for den daglege samordninga av nordisk-baltiske synspunkt på saker som skal opp i styret til IMF. Den nordisk-baltiske monetære og finansielle komi-

teen (Nordic-Baltic Monetary and Financial Committee – NBMFC) legg prinsipielle føringar for saksbehandlinga. Dei norske medlemmene er finansråden og visesentralbanksjefen. Dei andre landa er representerte på eit tilsvarande nivå. NBMFC har til vanleg møte to gonger i året.

Den internasjonale monetære og finansielle komiteen (International Monetary and Financial Committee – IMFC) har ein viktig funksjon som rådgivande organ for styret i IMF. IMFC har møte to gonger i året. Komiteen legg dei politiske føringane for verksemda til IMF. IMFC har medlemmer på minister- eller sentralbanksjefnivå som anten representerer eit land eller ein valkrets som er sett saman av fleire land. Finland representerte den nordisk-baltiske valkretsen på IMFC-møta i april og oktober 2014.

Overvaking av den økonomiske utviklinga i medlemslanda og globalt, med særleg vekt på makroøkonomiske forhold og finansiell stabilitet, er ein vesentleg del av verksemda til IMF. Den bilaterale overvakinga skjer i hovudsak gjennom dei såkalla artikkel IV-konsultasjonane, som for dei fleste land blir gjennomførte kvart år. Rapporten for artikkel IV-konsultasjon med Noreg for 2014 blei behandla i IMF-styret 28. august 2014. Rapporten og konklusjonane frå styrebehandlinga blei publiserte dagen etter.

IMF har i fleire år gjennomført omfattande vurderingar av den finansielle sektoren i medlemslanda – såkalla Financial Sector Assessment Programs (FSAP). Ei slik vurdering blei gjort i Noreg i 2005. I desember 2013 bestemte IMF at slike vurderingar skulle gjennomførast kvart femte år også for mellom anna Noreg, som blei vurdert til å ha ein systemviktig finanssektor. IMF har sidan sommaren 2014 arbeidd med ei ny FSAP-vurdering av den finansielle sektoren i Noreg. Vurderinga er planlagt publisert til sommaren saman med rapporten for artikkel IV-konsultasjonen.

I samband med at IMF vurderer den norske finanssektoren til å vere systemviktig i ein global samanheng, gjekk IMF i 2014 over til årlege artikkel IV-konsultasjonar med Noreg. Noreg har tidlegare hatt slike konsultasjonar annakvart år, mens IMF i dei mellomliggjande åra har utført ein forenkla konsultasjon der det ikkje har vore skrive nokon rapport til styret i IMF.

A photograph of a man in a dark suit, white shirt, and dark tie, sitting at a conference table. He is looking down at a document in his hands. On the table in front of him are several papers, a white mug, and a nameplate. To his left, the flags of Sweden and Norway are visible. The background shows a large window with a view of a landscape.

Noregs Bank har eit omfattande samarbeid med dei nordiske sentralbankane. Det årlege nordiske sentralbankmøtet i 2014 blei arrangert av den svenske sentralbanken. Tenestemenn frå ulike område i sentralbankane møtest med jamne mellomrom for å diskutere spørsmål knytte til økonomisk analyse, pengepolitikk, finansiell stabilitet, betalings-system, juridiske forhold på sentralbankområdet, personalpolitikk og anna. Banken har òg jamleg kontakt med Den europeiske sentralbanken (ESB) og med andre sentralbankar i EU.

På kontantområdet har Noregs Bank god kontakt med eurosystemet og andre sentralbankar. Banken har òg eit stort internasjonalt engasjement i organisasjonar som European Banknote Conference (EBC) og Central Bank Counterfeit Deterrence Group (CBCDGD). EBC består av meir enn 20 sentralbankar og har som formål å betre tryggleiken og kvaliteten når det gjeld setlar og alle ledd i framstillinga og forsyninga av setlar. Noregs Bank har sekretær for EBC og deltakar i ei gruppe som løpande skal greie ut om og foreslå tema for konferansen. CBCDGD er eit internasjonalt samarbeid mellom 34 sentralbankar med sikte på å utvikle system for å hindre kopiering, skanning og biletbehandling av setlar for å redusere faren for forfalskingar. Noregs Bank har leiaransvaret for Executive Committee i perioden 2013–2017.

Etter den siste finanskrisa styrkte EU overvakinga av truslar mot den finansielle stabiliteten ved å opprette eit nytt system for å overvake finanssektoren European System of Financial Supervision (ESFS). Det blei oppretta eigne organ for mikrotilsyn av bankar, verdipapirmarknader og forsikring og tenestepensjon, og eit organ for makrotilsyn European Systemic Risk Board (ESRB). Forordningane som skipar ESFS, er ikkje tekne inn i EØS-avtalen. Mikrotilsynskomiteane har vedtakskompetanse som kan binde tilsynsmakter eller gjelda direkte overfor private aktørar.

Både Noregs grunnlov og topilarstrukturen i EØS-avtalen set grenser for å ta slike forordningar inn i EØS-avtalen.

I 2014 blei EØS/EFTA-landa og EU-landa einige om eit avgrensa samarbeid som kan løyse desse utfordringane. I løysinga blir EFTAs overvaksingsorgan (ESA) gitt kompetanse til å treffe rettsleg bindande vedtak mot



nasjonale tilsynsmyndigheter og enkeltinstitusjonar i Noreg, Liechtenstein og på Island. Vidare skal ESA og dei nasjonale tilsynsmyndighetene i EØS/EFTA-landa få delta utan stemmerett i EUs tre finanstillsynsmyndigheter. Samtidig skal EUs finanstillsynsmyndigheter få delta utan stemmerett i ESA sitt arbeid på dette området. Løysinga vil bli innarbeidd i EØS-avtalen og må godkjennast av Stortinget.

Noreg har vore observatør i ESFS på uformelt grunnlag ved at Finanstillsynet er norsk observatør i mikrotilsynskomiteane. Noregs Bank har òg delteke på møta i mikrotilsynskomiteen for banksektoren, European Banking Authority – EBA. Banken har i tillegg delteke i ei arbeidsgruppe som jobbar med å utvikle nye kriseløysingsverktøy.

Når det gjeld makrotilsyn, fekk Noregs Bank og Finanstillsynet i 2012 invitasjon til å delta som observatør på møta i Advisory Technical Committee (ATC), ei undergruppe i ESRB som gir råd om og assistanse i saker innanfor arbeidsfeltet til ESRB. Banken har delteke på møta til ATC i 2014, og i møta til fleire av undergruppene til ATC.

Sentralbanksjefen deltek saman med finanssilsynsdirektøren og finansråden i Financial Stability Board Regional Consultative Group for Europe. Noregs Bank deltek i fleire møte der ein drøftar makrotilsyn og regulering og spørsmål knytte til finansiell infrastruktur med dei andre nordiske og baltiske landa. Sjølv om Noreg ikkje er med i Baselkomiteen, er Noregs Bank med i arbeidet i ei av undergruppene til komiteen, Research Task Force.

Noregs Bank har etablert ei ordning med ESB, Bank of England og enkelte andre sentralbankar som gir medarbeidarar sjansen til å arbeide i desse institusjonane i periodar på inntil tolv månader.

TEKNISK BISTAND TIL SENTRALBANKAR I UTVIKLINGSLAND

Noregs Bank har gjennom fleire år gitt fagleg assistanse til sentralbankar i utviklingsland. I 2011 tok Noreg ansvar for IMF's faglege assistanse til sentralbanken i Zambia. Formelt blei assistansen frå Noregs Bank administrert av IMF, men finansiert av midlar frå Utanriksdepartementet.

Eit breitt felt av dei interne og eksterne aktivitetane til sentralbanken har vore dekt. Noregs Bank stiller 1,5 årsverk per år til disposisjon. Av dette går eitt årsverk til ein stadleg rådgivar og eit halvt årsverk til besøk av korttidseksperter. Spesialrådgivar Gunnvald Grønvik var tilsett i stillinga som stadleg rådgivar fram til 3. juni 2014. Frå 10. august 2014 er seniorrådgivar Steinar Selnes tilsett i stillinga. Fase I i prosjektet blei avslutta i 2012, og etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre prosjektet fram til utgangen av august 2015. Prosjektet vil då ha vart i fire år.

Det er i 2014 gjennomført til saman ni korttidsbesøk på to veker kvar – eitt av dei med to eksperter. Besøka har dekt eit breitt felt av dei eksterne og interne arbeidsoppgåvene til Bank of Zambia, inkludert pengepolitikk, finansiell stabilitet, betalingsformidling, kontanthandtering og organisasjonsutvikling. Ved to høve har tilsette i Bank of Zambia besøkt Noregs Bank for å lære meir om korleis banken arbeider innanfor deira arbeidsfelt. Sentralbanksjefen deltok på eitt av besøka.

Noregs Bank hadde eit tilsvarande prosjekt i Malawi frå 2006 til 2012. Dette er dokumentert i Noregs Banks skriftserie nr. 40, Central Bank Modernization. Det blei i desember 2013 gjort avtale mellom IMF og den norske ambassaden i Malawi om eit avgrensa oppfølgingsprosjekt. Noregs Bank hadde teke på seg å stille med eksperter. Dette oppfølgingsprosjektet er enno ikkje komme i gang.

KAPITTEL 6

OM FORSKINGSARBEIDET I 2014

Forskninga i Noregs Bank dannar ein del av grunnlaget for dei avgjerdene banken tek. Forskingsaktiviteten er retta inn mot pengepolitikk og finansiell stabilitet og skal vere forankra i det internasjonale og norske forskingsmiljøet. Forskinga skal vere av ein kvalitet som gjer at ho kan publiseras i gode internasjonale eller nasjonale tidsskrift med fagfellevurdering.

FORSKINGSAKTIVITET

I 2014 fekk Noregs Bank 25 artiklar og bokkapittel godkjende for publisering i tidsskrift og bøker med fagfellevurdering. Det er det høgaste talet i perioden der Noregs Bank har hatt ei eiga forskningseining. I det nest beste året – 2013 – var talet på publikasjonar 23, og 2014 må dermed reknast som eit svært godt år. Temaa for publikasjonane strekkjer seg over mange område, til dømes pengepolitikk, prognosar, bustadmarknaden, valutamarknaden og motsykliske kapitalkrav og korleis dei påverkar makroøkonomien. Ei oversikt over godkjende og publiserte artiklar finst på nettsidene til Noregs Bank. Noregs forskingsråd deler journalar med fagfellevurdering inn i nivå 1 og nivå 2, der 2 er best. Av dei godkjende forskingsartiklane til Noregs Bank i 2014 blei 35 prosent publiserte på nivå 2. Dette er høgare enn målet som blei sett i

2007 om ein prosentdel på 25. Samtidig er det lågare enn prosentdelen i fjor, som var 52.

Den pågåande forskingsaktiviteten blir dokumentert i serien Working Papers. I 2014 kom det ut 18 arbeid i denne serien, mens gjennomsnittet for dei tre siste åra er 19 arbeid. Talet på publikasjonar i serien Working Papers er ofte ein god indikator på framtidige publikasjonar i internasjonale tidsskrift, og såleis ser det ut til at Noregs Bank vil halde fram med å publisere om lag på nivå med 2014 det kommande året. Working Papers er tilgjengeleg på nettsidene til banken og på Internett-portalane Research Papers in Economics (RepEc) og Social Sciences Research Network (SSRN). I 2014 blei Noregs Banks Working Papers lasta ned 1984 gonger frå RepEc.

KONFERANSAR, KURS OG SEMINAR

I 2014 arrangerte Noregs Bank fleire konferansar. I samarbeid med BI arrangerte forskingsavdelinga den årlege internasjonale konferansen «20th International Conference in Computing in Economics and Finance». Det var om lag 300 deltakarar frå store delar av verda, og heile 600 personar sende inn artiklar for vurdering. Dette er det høgaste talet nokosinne for denne konferansen (som er blitt arrangert i 20 år), og det betyr at



refuseringsraten blir på 50 prosent – ein garanti for svært høg kvalitet. I tillegg blei konferansen «Of the Uses of Central Banks: Lessons from History» arrangert som del av prosjektet rundt 200-årsjubileet til Noregs Bank. Til sist blei det arrangert to konferansar i samarbeid med HEC Montreal med følgjande titlar: «New developments in business cycle analysis: The role of labor markets and international linkages» og «Research meeting on dynamic macroeconomics».

I 2014 blei det arrangert eit kurs retta mot bankens eigne tilsette, med deltakarar frå akademiske institusjonar i Noreg og PhD-studentar i Norden. Kurset tok for seg finansielle friksjonar i dynamiske stokastiske generelle likevektsmodellar, og ein av dei leiande forskarane i verda på dette området, professor Lawrence Christiano frå Northwestern University i USA, underviste.

Forskingsmiljøet i Noregs Bank har også i 2014 hatt omfattande kontakt med forskarar ved universitet og ved andre sentralbankar i det daglege arbeidet gjennom felles forskingsprosjekt, presentasjon av pågåande forskingsarbeid på norske og internasjonale konferansar og seminar, og arrangement av forskingsseminar i Noregs Bank kvar veke. Slik kontakt bidreg til å spreie forskingskunnskap internt og styrkje det faglege omdømmet til banken i academia og i forskings- og politikkinstitusjonar. I 2014 arrangerte Noregs Bank 35 seminar med eksterne foredragshaldarar, som presenterte forskinga si og tok del i møte og diskusjonar med dei tilsette i banken. Ei fullstendig liste over dei eksterne foredragshaldarane ligg på nettsidene til Noregs Bank. I tillegg til interne presentasjonar i Noregs Bank har forskarane til

banken presentert på 65 internasjonale fagkonferansar og seminar i 2014. Til slutt må det nemnast at fleire av forskarane held kurs og gjesteforelesingar på norske universitet og høgskular, og at dei tek på seg oppdrag med å gjennomføre fagfellevurderingar av forskingsartiklar for internasjonale tidsskrift.

STØTTE TIL ØKONOMISK FORSKING OG UTDANNING

Gjennom eit gåveprofessorat ved Universitetet i Oslo medverkar Noregs Bank til større merksemd rundt makroøkonomi og pengepolitiske problemstillingar.

I 2012 oppretta Noregs Bank ei ordning for å motivere dei beste unge norske økonomane til å ta doktorgrad ved dei beste universiteta i verda. Ordninga består av stipend som blir delte ut til studentar ved godkjende universitet, og støtte i søkjarprosessen under eitt års tilsetjing som forskarassistent i forskareininga. I 2013/2014 hadde vi to slike assistentar tilsette, og begge kom inn på leiande universitet (Brown University og University of Pennsylvania) og kvalifiserte seg for utdeling av stipend.

Noregs Banks fond til økonomisk forskning gir støtte til mellom anna forskingsopphald i utlandet, deltaking på internasjonale konferansar for å presentere eigne forskingsarbeid og arrangement av forskingskonferansar i Noreg.





JUBILEUMSPROSJEKTET TIL NOREGS BANK

BOKPROSJEKT I SAMBAND MED TOHUNDREÅRSJUBILEET I 2016

Noregs Bank sitt bokprosjekt i samband med tohundreårsjubileet blir gjennomført som eit samarbeidsprosjekt med bidrag frå både norske og internasjonale forskingsmiljø. Dei internasjonale ekspertane professor Michael Bordo frå Rutgers University, New Jersey, og professor Marc Flandreau frå The Graduate Institute, Genève, sit i styringskomiteen for prosjektet saman med direktør Jan F. Qvigstad og direktør Øyvind Eitrheim.

Dei fire bøkene i prosjektet har følgjande arbeidstitlar:

- Noregs Banks historie 1816–2016
- The Monetary History of Norway 1816–2016
- Of the Uses of Central Banks: Lessons from History
- Noregs Bank: Ei historie i bilete

Prosjektet skal bidra til å setje fokus på Noregs Bank si rolle som samfunnsinstitusjon i eit historisk perspektiv. Det er eit mål at dei tre første bøkene skal halde eit kvalitetsnivå som tilfredsstiller krava frå eit internasjonalt anerkjent akademisk forlag. Biletboka skal nå ein brei krets av lesarar og skal kunne nyttast som gåvebok.

Banken har tilsett professorane Einar Lie, Universitetet i Oslo, og Jan Tore Klovland, Noregs Handelshøgskole (saman med Øyvind Eitrheim), som prosjektleiarar for dei to første bøkene. Den tredje boka vil byggje på artiklane som er skrivne til konferansen «Of the Uses of Central Banks: Lessons from History», som blei arrangert i Noregs Bank 5.–6. juni 2014.

I 2014 har forskarar i Noregs Bank og ved Noregs Handelshøgskole, Høgskolen i Vestfold og Universitetet i Oslo forska på ulike delar av historia til Noregs Bank. Banken har i samarbeid med grunnlovsjubileumsprosjektet ved Universitetet i Oslo finansiert eit treårig doktorgradsprosjekt som har gitt ny kunnskap om dei første åra av historia. Avhandlinga blei godkjend i 2014. Universitetet i Oslo har òg godkjent ei doktoravhandling om penge- og finanspolitikk under og rett etter første verdskrigen. Begge avhandlingane vil bli trykte i skriftserien til Noregs Bank.

I samband med jubileumsprosjektet til banken er det i 2014 publisert eitt forskingsarbeid som Working Paper, og eitt arbeid er utgitt som Staff Memo på nettsidene til Noregs Bank.

SAMARBEID MED KULTURHISTORISK MUSEUM OM UTSTILLINGA «FRIHET» I SAMBAND MED GRUNNLOVSJUBILEET

I samband med grunnlovsjubileet bidrog Noregs Bank til utstillinga «Frihet» på Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Banken har lånt ut gullmyntar til utstillinga og har gjort nødvendige tiltak for å sikre tryggleiken til myntane. Det er første gongen desse myntane, som var med på den kjende gulltransporten ut av Noreg etter det tyske angrepet 9. april 1940, blir viste fram for eit stort publikum. Lokalet der utstillinga fann stad, ber namnet «Noregs Bank-salen». Medarbeidarane i banken hjelpte òg til med å planleggje og gi form til utstillinga, og to artiklar blei skrivne til boka *Ja, vi elsker frihet*, redigert av professor Svein H. Gullbekk, Universitetet i Oslo, som blei gitt ut i samband med utstillinga. Avtalen med Kulturhistorisk museum gjer det mogleg for banken å nytte lokalet til ei eiga utstilling i samband med 200-årsjubileet i 2016.

SAMARBEID MED RIKSARKIVET OM TRANSKRIBERING AV SØLVSKATTELISTENE FRÅ 1816

Noregs Bank blei etablert i 1816 med eit grunnfond i sølv på 2 millionar speciedalar. Grunnfondet blei kravd inn gjennom ein tvungen særskatt på formue. Til utskrivninga av sølvskatten blei det sett opp særskilde sølvskattelister for heile landet hausten 1816. Sidan 2011 har desse sølvskattelistene vore tilgjengelege frå nettsidene til Riksarkivet etter at protokollane blei digitaliserte gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom Noregs Bank og Riksarkivet. Noregs Bank har i 2014 finansiert eit transkriberingsprosjekt for å gjere sølvskattelistene lettare tilgjengelege frå rekneark på nettsidene til Riksarkivet.



KAPITTEL 7

KOMMUNIKASJONSVERKSEMMA

Openheit og god kommunikasjon er avgjerande for at Noregs Bank skal kunne utføre kjerneoppgåvene sine på ein god måte. Det er mellom anna ein føresetnad for at pengepolitikken skal fungere effektivt, og for å sikre tillit til at Statens pensjonsfond utland blir forvalta på ein god måte.

Noregs Bank skal i formidlinga si vere korrekt, føreseieleg, open og ansvarleg. Banken varetek dette gjennom å kommunisere aktivt i form av pressekonferansar, foredrag, publikasjonar og møte med ulike grupper. All vesentleg informasjon blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til banken.

PRESSEKONFERANSAR

Mediedekninga har mykje å seie for at budskapet til banken når offentlegheita. Pressekonferansane er ein viktig kanal for å informere om arbeidet til banken og vurderingane til hovudstyret. Alle pressekonferansar blir sende direkte på nettsidene til banken. I 2014 hadde Noregs Bank i alt ti pressekonferansar.

Noregs Bank arrangerer òg fleire presse-seminar kvart år for å gi journalistane kunnskap og meir utfyllande informasjon om verksemds-områda våre. I 2014 blei det arrangert tre presse-seminar: eitt i samband med utgivinga av rapporten

Finansiell infrastruktur 2014, eitt om strategiplanen for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland og eitt i samband med rapporten *Finansiell stabilitet 2014*.

TALAR OG FOREDRAG

Talar og foredrag er ein annan viktig kanal for å orientere om verksemda til banken. Talane skal nå eit breitt publikum og dekkje kjerneområda til banken. Det er eit mål å sikre god geografisk spreing.

I 2014 heldt sentralbanksjefen, visesentralbanksjefen og leiaren for Norges Bank Investment Management totalt 28 publiserte talar og foredrag. Av desse blei tre haldne i utlandet, ti på norske stader utanfor Oslo og 14 i Oslo. I tillegg blei det halde en rekkje ikkje-publiserte talar. Publikum var mellom anna økonomiske fagmiljø, politiske miljø, akademia, studentar, næringsliv, interesseorganisasjonar, partar i arbeidslivet, journalistar og diplomatar. Det var svært varierte tema for foredraga, mellom anna pengepolitikk, finansiell stabilitet, forvalting av Statens pensjonsfond utland, økonomisk historie og generelle økonomiske problemstillingar.

Årstalen til sentralbanksjefen, *Økonomiske perspektiver*, samla gjester frå politikk, næringsliv,



offentlege verksemdar, presse og akademia. Andre viktige talar er foredraga til Noregs Bank sitt nettverk i regionane og presentasjonane under høyringane i Stortingets finanskomité. I tillegg heldt sentralbanksjefen mellom anna ei forelesing ved Columbia University, og Yngve Slyngstad heldt innlegg på Sustainable Finance Summit ved University of Geneva. Begge heldt dessutan talar under konferansar som Noregs Bank arrangerte.

Pengepolitisk rapport blir presentert for finansnæringa og marknadsaktørar i London etter kvar framlegging. Tilsette i Noregs Bank held òg jamleg foredrag om ulike delar av verksemda til banken.

NETTSIDENE OG SOSIALE MEDIUM

Nettsidene til Noregs Bank er primærkanalen for kommunikasjonen til banken. Nettsidene er med på å gjere informasjon frå banken open og lett tilgjengeleg for alle. På sidene legg banken ut nyheiter og informasjon om verksemda til banken i tillegg til bakgrunnsstoffet for analysar og avgjerder. I 2014 lanserte banken ein ny visuell profil og nye responsive nettsider som er tilpassa mobile einingar.

Noregs Bank bruker sosiale medium som kommunikasjonskanal og er til stades på Twitter, YouTube, Flickr og LinkedIn. Banken har òg oppretta to Facebook-sider om høvesvis rekruttering og den nye setelserien. Deltakinga i sosiale medium bidreg til at banken kan nå fleire og andre målgrupper enn vi gjer gjennom dei tradisjonelle kanalane.

PUBLIKASJONAR

Banken gav i 2014 ut følgjande publikasjonar:

- Noregs Banks årsmelding og rekneskap
- Årsrapport Statens pensjonsfond utland
- Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet (4 utgåver)
- Kvartalsrapportar Statens pensjonsfond utland

- Finansiell stabilitet (1 utgåve)
- Finansiell infrastruktur (1 utgåve)
- Årsrapport om oppgjerssystemet til Noregs Bank
- Årsrapport om setlar og myntar
- Noregs Banks utlånsundersøking (4 utgåver)
- Noregs Banks pengemarknadsundersøking (1 utgåve)
- Regionalt nettverk (4 utgåver)
- Månadsrapportar om Noregs Banks oppgjerssystem og tryggleik for lån
- Kvartalsrapportar valutareservane
- Norges Bank Memo (5 utgåver)
- Staff Memo (19 utgåver)
- Working Paper (18 utgåver)
- Aktuell kommentar (10 utgåver)
- NBIM Discussion Notes (6 utgåver)



VEDLEGG

STYRANDE ORGAN, LEIING OG ORGANISASJON

HOVUDSTYRET

Øystein Olsen, leiar

Tilsett som sentralbanksjef i Noregs Bank frå 01.01.2011 for eit tidsrom av inntil 6 år.

Jan F. Qvigstad, nestleiar til 31.03.2014

Tilsett som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 01.04.2008 for eit tidsrom av inntil 6 år.

Jon Nicolaisen, nestleiar frå 01.04.2014

Tilsett som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 01.04.2014 for eit tidsrom av inntil 6 år.

Liselott Kilaas

Oppnemnd første gong 01.01.2004–31.12.2007.
Oppattnemnd 01.01.2008–31.12.2011 og
01.01.2012–31.12.2015.

Egil Matsen

Oppnemnd 01.01.2012–31.12.2015.

Hilde Myrberg

Oppnemnd 01.01.2014–31.12.2017.

Kjetil Storesletten

Oppnemnd 01.01.2014–31.12.2017.

Karen Helene Ulltveit-Moe

Oppnemnd 01.01.2014–31.12.2017.

Varamedlemmer

Espen R. Moen

Oppnemnd 01.01.2012–31.12.2015.

Hege Sjo

Oppnemnd 01.01.2014–31.12.2017.
Løyst frå vervet 01.02.2015.

Funksjonærrepresentantar

Jan Erik Martinsen

Oppnemnd 01.01.2001–31.12.2015.

Petter Nordal (varamedlem)

Gøril Bjerkehol Havro

Oppnemnd 01.01.2011–31.12.2016.

Berit Moen (varamedlem til 31.12.2014)

Henrik Borchgrevink (varamedlem frå 01.01.2015)

REPRESENTANTSKAPET

Reidar Sandal, 2010–2013, 2014–2017, leiar

Varamedlem: **Tore Nordtun**, 2014–2017

André Støylen, 2014–2015, nestleiar

Varamedlem: **Lars Tvette**, 2012–2015

Frank Sve, 2006–2009, 2010–2013, 2014–2017

Varamedlem: **Tone T. Johansen**, 2010–2013,
2014–2017

Eva Karin Gråberg, 2004–2007, 2008–2011,
2012–2015

Varamedlem: **Rita Lekang**, 2012–2015

Runbjørg Bremset Hansen, 2004–2007,
2008–2011, 2012–2015

Varamedlem: **Camilla Bakken Øvald**, 2012–2015

Tormod Andreassen, 2008–2011, 2012–2015

Varamedlem: **Beate Bø Nilssen**, 2012–2015

Morten Lund, 2010–2011, 2012–2015

Varamedlem: **Torunn Hovde Kaasa**, 2012–2015

Synnøve Søndergaard, 2010–2013, 2014–2017

Varamedlem: **Hilde Brørby Fivelsdal**, 2014–2017

Randi Øverland, 2012–2015

Varamedlem: **Anne Grethe Tevik**, 2012–2015

Vidar Bjørnstad, 2012–2015

Varamedlem: **Hans Kolstad**, 2012–2015

Ingebrigt S. Sørfonn, 2012–2015

Varamedlem: **Solveig Ege Tengesdal**, 2012–2015

Paul Birger Torgnes, 2014–2017

Varamedlem: **Arne Stapnes**, 2014–2017

Toril Hovdenak, 2014–2017

Varamedlem: **Hans Aasnæs**, 2014–2017

Peter Meidell, 2014–2017

Varamedlem: **Brage Baklien**, 2014–2017

Iver Nordseth, 2014–2017

Varamedlem: **Hanne Nora Nilssen**, 2014–2017

REPRESENTANTSKAPETS TILSYNSEKRETARIAT

Direktør Svann Erik Forsstrøm

INTERNREVISJONEN

Revisjonsdirektør Ingunn Valvatne

SENTRALBANKVERKSEMDA

Sentralbanksjef Øystein Olsen
Visesentralbanksjef Jon Nicolaisen

Stabsfunksjonar

Visesentralbanksjef Jon Nicolaisen

Direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt

Kommunikasjonsdirektør Hilde Singaas

Juridisk direktør

Direktør Marius Ryel

Finansiell stabilitet

Direktør Amund Holmsen til 31.12.2014
Direktør Ida Wolden Bache frå 10.02.2015

Marknader og banktenester

Direktør Kristin Gulbrandsen

Pengepolitikk

Direktør Birger Vikøren

Konsern- og fellesfunksjonar

Direktør Jannecke Ebbesen

NORGES BANK INVESTMENT MANAGEMENT

Chief Executive Officer Yngve Slyngstad
Deputy Chief Executive Officer Trond Grande

Etterleving og kontroll

Chief Compliance Officer Jan Thomsen

Stab og kommunikasjon

Chief Administrative Officer Trond Grande

NORGES BANK INVESTMENT MANAGEMENT

Allokering

Chief Investment Officer Ole Christian Bech-Moen

Marknadseksposering

Chief Investment Officer Øyvind Schanke

Aksjeforvaltning

Chief Investment Officer Petter Johnsen

Risikostyring

Chief Risk Officer Dag Huse

Drift

Chief Operating Officer Age Bakker

Administrasjon

Chief Administrative Officer Trond Grande

NORGES BANK REAL ESTATE MANAGEMENT

Eigedomsinvesteringar

Chief Investment Officer Karsten Kallevig

Risikostyring

Chief Risk Officer Lars Dahl

Drift

Chief Operating Officer Nina Hammerstad

Administrasjon

Chief Administrative Officer Mie Holstad



